



Sveio kommune



PLANSTRATEGI FOR SVEIO KOMMUNE 2016-2019  
MED  
PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN 2019-2031





# PLANSTRATEGI FOR SVEIO KOMMUNE 2016-2019 MED PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLANEN 2018-2023

*Vegen vidare...*

## FØREORD

Kommunestyret fatta 14.03.2016 vedtak om å starta opp arbeidet med ny kommunal planstrategi. I det same vedtaket vart det avklara at ein skulle laga planprogram for ny kommuneplan for Sveio. Dette er i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1, fjerde ledd, som opnar for å slå saman dei to prosessane.

Dette dokumentet vil såleis samla utgjera både planstrategien for Sveio kommune og planprogrammet for ny kommuneplan. Arbeidet er delt i tre delar:

### Del 1: Fellesdel for planstrategi og planprogram

- Her vert status for kommunen presentert og grunnlaget for arbeidet vert lagt fram. Dei felles føringane og føresetnadene for kommunal planlegging, som normalt vil gå fram av så vel planstrategi som i planprogram, vert vist her.



Einstadbøvoll Gard Foto: Ida Kristin Vollum

### Del 2: Kommunal planstrategi for Sveio kommune

- Her vert planstrategien presentert og dei strategiske vala vert drøfta.
- Spørsmål om kva hovudutfordringar ein har og korleis ein skal møte desse vert viktige i denne delen.
- Som vedlegg til denne delen vert det lagt fram ei liste over alle planar (unnateke beredskapsplanar) som kommunen har. Det vert òg vist oversikt over dei planar som bør reviderast, startast opp eller slutførast i inneverande kommunestyreperiode.

### Del 3: Planprogram for kommuneplan for Sveio kommune

- Her vert planprogrammet for komande kommuneplanarbeid lagt fram.
- Her vil ein ta utgangspunkt i utfordringane som er synleggjorde i planstrategidelen og leggja til rette for ein kommuneplanprosess som viser korleis ein skal oppnå ønskja utvikling i kommunen.

Foto på framsida: Ida Kristin Vollum

## INNHALD

<b>DEL 1: FELLEDEL FOR PLANSTRATEGI OG PLANPROGRAM</b> .....	<b>6</b>
<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>6</b>
1.1 BAKGRUNN .....	6
1.2 OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNAL PLANLEGGING .....	7
1.2.1 Lowverket .....	7
1.2.2 Nasjonale forventingar .....	8
1.2.3 Regional planstrategi og regionale planar .....	10
1.2.4 Interkommunalt samarbeid .....	12
1.3 KOMMUNEPLANEN .....	12
1.3.1 Plansystemet i kommunen .....	12
1.3.2 Kommuneplanen for Sveio 2011-2023 .....	13
1.4 Evaluering av førre planstrategi og gjeldande kommuneplan .....	14
1.5 SVEIO KOMMUNE - STATUS .....	16
1.5.1 Om Sveio kommune .....	16
1.5.2 Befolkningsutvikling (folketal) og samansetting .....	18
1.5.3 Utdanning .....	19
1.5.4 Levekår og folkehelse .....	20
1.6 KOMMUNAL TENESTEYTING OG FORVALTNING .....	23
1.6.1 Sentraladministrasjonen .....	24
1.6.2 Teknisk .....	24
1.6.3 Helse/omsorg .....	25
1.6.4 Oppvekst/kultur .....	27
<b>2 DEL 2: PLANSTRATEGIEN –</b> .....	<b>33</b>
2.1 BAKGRUNNEN .....	33
2.2 FØREMÅLET MED KOMMUNAL PLANSTRATEGI .....	33
2.3 PROSESS – VARSLING, MEDVERKNAD OG SAMORDNING .....	34
2.4 STRATEGISK PLANVURDERING – UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR .....	35
2.4.1 MILJØ, KLIMA OG ENERGI .....	36
2.4.2 Busetnad og utbygging .....	38
2.4.3 Verdskaping og næringsutvikling: .....	41
2.4.4 Samferdsle og infrastruktur .....	43
2.4.5 Helse, livskvalitet og oppvekst .....	45
2.4.6 Samfunnstryggleik og beredskap .....	46

2.4.7	NATUR, MILJØ OG LANDSKAP .....	47
2.4.8	KULTURMILJØ OG KULTURMINNE.....	49
2.4.9	KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV .....	50
2.5	STRATEGISKE VAL.....	52
2.5.1	Vurdering av planbehovet 2016-2019 .....	54
2.6	FORSLAG TIL PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER 2016-2019 .....	55
2.6.1	Detaljregulering for Sveiåsen III: .....	55
2.6.2	Detaljregulering for Håvåsen III:.....	55
2.6.3	Områderegulering for Ekrene Vest: .....	55
2.6.4	Områderegulering for Vikingland .....	55
2.6.5	Kommunedelplan for Sveio sentrum: .....	55
2.6.6	Kommuneplanen:.....	56
<b>3</b>	<b>DEL 3: PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2019-2031.....</b>	<b>57</b>
3.1	GENERELT .....	57
3.1.1	Behovet for ny kommuneplan .....	57
3.1.2	Organisering .....	57
3.1.3	Avgrensing .....	58
3.1.4	Framdriftsplan .....	58
3.1.5	Medverknad .....	59
3.2	KOMMUNEPLANARBEIDET .....	60
3.2.1	Prioriterte hovudtema for kommuneplanen .....	60
3.2.2	Samfunnsdelen .....	61
3.2.3	Arealdelen.....	62
3.3	AREALBRUK OG UTGREIINGSBEHOV .....	63
3.3.1	Næringsutvikling .....	64
3.3.2	Bustadbygging .....	64
3.3.3	Sentrumsutvikling og senterstruktur .....	64
3.3.4	Samferdsle og infrastruktur .....	65
3.3.5	Grønstruktur, kulturminne og friluftsliv .....	65
3.3.6	Strandsona.....	65
3.3.7	Andre tema som skal konsekvensutgreiast.....	66
3.4	AVSLUTTANDE KONKLUSJON .....	68
	.....	68
<b>4</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>69</b>

# DEL 1: FELLESEDEL FOR PLANSTRATEGI OG PLANPROGRAM

## 1 INNLEIING

### 1.1 BAKGRUNN

Etter at ny plan- og bygningslov trådte i kraft i 2009 skal no alle kommunane i Noreg utarbeida kommunale planstrategiar innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Den første planstrategien til Sveio kommune vart godkjent av kommunestyret 22.10.2012.

Nytt kommunestyre for perioden 2016-2019 fatta vedtak i mars 2016 om å starta opp med arbeidet med ny planstrategi og samtidig starta prosessen med ny kommuneplan. Det er såleis teke stilling til at arbeidet med revidering av kommuneplanen skal starta opp i inneverande kommunestyreperiode og at planprogrammet skal slåast saman med, og vera ein del av arbeidet med kommunal planstrategi.

Vedtaket i kommunestyret 14.03.2016, sak KOM-012/16:

- 1. I samband med at det vert utarbeida planstrategi for Sveio skal det, som ein del av planstrategiprosessen, startast opp arbeid med planprogram til kommuneplanen.*
- 2. Ved vedtak av planprogrammet skal det takast stilling til prosessen for vidare kommuneplanarbeid og det skal avklarast kva økonomiske rammar ein har for arbeidet med kommuneplanen.*
- 3. Formannskapet vert politisk styringsgruppe.*
- 4. Dei tre hovudutvala vert politiske referansegrupper, men HTN vil ha ein særskild funksjon i forhold til arealdelen i kommuneplanen.*
- 5. Rådmannen si administrative leiargruppe vert administrativ styringsgruppe.*
- 6. Rådmannen opprettar ei administrativ arbeidsgruppe som skal gjennomføre arbeidet med planstrategien. Rådmannen kan velja å bruke den same arbeidsgruppa til kommuneplanarbeidet, men kan òg dersom det er mest føremålstenleg oppretta ei eller fleire nye arbeidsgrupper til kommuneplanarbeidet.*

## 1.2 OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNAL PLANLEGGING

Det finns mange overordna føringar i form av lovverk, forventingar, stortingsmeldingar, retningslinjer, rundskriv og planverk for korleis ein skal leggja til rette for god kommunal utvikling, og det gjeld på så vel nasjonalt nivå som for regionalt og lokalt nivå. Kommunen har eit ansvar å følgja opp krava i lovverket, dei nasjonale forventingane og dei regionale planane når dei lokale planane skal utarbeidast. På den måten vil det vera eit klart samanheng mellom dei ulike ansvarsnivåa i samfunnsplanlegginga.

Kommunane må følgja dei fastsette lovane og skal samtidig leggja opp til ein planlegging som er i samsvar med dei nasjonale forventingar og regionale og lokale føringar som til ein kvar tid er gjeldande. Desse må i sin tur setjast i samanheng med dei forventingar og behov kommunane sjølve har når dei skal ta fram strategiar for vegen vidare. Nokre av dei viktigaste nasjonale, regionale og lokale føringane som vil vera med å leggja grunnlaget for denne planstrategien og kommuneplanprosessen er å finna i *Vedlegg 1*.

### 1.2.1 Lovverket

Lovverket som styrer planlegginga og gjer den juridisk bindande. Plan- og bygningslova (pbl) og Kommunelova legg føringane for kva oppgåver og omsyn kommunane skal ha i den kommunale forvaltninga og i planlegginga av kommunane. Desse lovane er som regel robuste og vert ikkje endra så ofte.

Planar etter pbl § 3-1 skal:

- setja mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen og regionen, avklara samfunnsmessige behov og oppgåver og angje korleis oppgåvene skal løysast,
- sikra jordressursane, kvalitetane i landskapet og verna verdifulle landskap og kulturmiljø,
- sikra naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøving og samfunnsliv,
- leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling,
- leggja til rette for god forming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet,
- fremja innbyggjarane si helse og motverka sosiale helseforskjellar, samt bidra til å førebyggja kriminalitet,
- ta klimaomsyn gjennom løysing for energiforsyning og transport, og
- fremja samfunnstryggleik ved å førebyggja risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar m.v.

Ei anna viktig lov i plansamanheng er folkehelselova. Folkehelselova peikar på 5 metodar, prinsipp og fokusområde, som kommunalt planleggingsarbeid skal tuftast på:

1. utjamne sosial ulikskap
2. helse i alt vi gjer
3. berekraftig utvikling
4. føre-var-prinsippet
5. medverknad

### 1.2.2 Nasjonale forventningar

For å sikra berekraftig utvikling stiller plan- og bygningslova § 6-1krav om at det skal utarbeidast eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år.

Dei nasjonale forventingane er regjeringa sin tilbakemelding til fylkeskommunane og kommunane om kva fokusområde ein skal satsa på i regional og kommunal planlegging i ein fireårsperiode. Dei er tydelege og klare og skal mellom anna leggja grunnlaget for utarbeiding av kommunale planar som kommuneplan og reguleringsplanar og vera førande for handsaming av enkelttiltak.



Den nasjonale politikken som vert formidla kan gje føringar for arbeidet med å avklara det generelle planbehovet i planstrategien. Forventingane kan òg få stor betydning for vurderingane av behovet for om kommuneplanen bør reviderast og dei vil ikkje minst ha stor betydning for innhald og gjennomføring av planane. Forventingane kan endra retning i planlegginga i Noreg over relativt kort tid (i motsetning til lovverket), då dei vert tilpassa tida og behovet for avklaringar.

Forventingane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner at fylkeskommunane og kommunane skal leggja særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. I siste versjon av forventingane, som kom i juni 2015, ligg mellom anna at det lokale sjølvstyret skal styrkast og at det skal leggjast opp til enklare og raskare prosessar for planlegging og handsaming av bustader, næring og samferdsle. Dette må ikkje gå ut over viktige omsyn eller at kvalitetskrava vert sikra.

Når det gjeld forventingane om enklare prosessar har Sveio kommune mykje å henta på å ha ein meir detaljert og tydeleg kommuneplan som legg til rette for enklare sakshandsaming og klarare føringar for enkelte tiltak utan at det først må stillast krav om utarbeiding av planar og lange planprosessar.

I dei nasjonale forventingane vert ulike tema samla i tre hovuddelar, *Gode og effektive planprosessar*, *Berekraftig areal- og samfunnsutvikling* og *Attraktive og klimavennelege by- og tettstadsområde*.



Forventingane er omfattande, men i klartekst;

### **Gode og effektive planprosessar:**

- Kommunane skal ha eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag i planprosessane der det vert lagt opp til tidleg medverknad og involvering og dei skal sikra nasjonale og viktige regionale interesser
- Kommunane skal bruka regionalt planforum aktivt som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikhtar i plansaker
- Det lokale sjølvstyret skal vektleggjast og motsegn skal berre fremjast når det er naudsynt for å sikra nasjonale og viktige regionale interesser og der tidleg dialog ikkje har ført fram
- Kommunane skal leggja til rette for prioriteringar og forenklingar gjennom å bruka plan- og bygningslova og skal ha oppdaterte overordna planar, unngå fleire plannivå enn naudsynt og sikra føremålstenleg detaljgrad
- Kommunane skal sikra effektiv handsaming av private planforslag og bidra til god plankvalitet ved å stille tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon

### **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling:**

- Kommunane skal leggja vekt på reduksjon av klimagassutsleppa, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemdar, bustader, infrastruktur og tenestar
- Det skal takast omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i planlegginga og i byggesaker
- Kommunane skal utarbeida ROS-analyser for utbyggingsplanar og ein skal ta særskilt omsyn til naturfarar og klimaendringar
- Kommunane skal identifisera viktige verdiar av naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturminner og kulturmiljø og sikra desse i kommunale planar
- Kommunane skal samarbeida med fylkeskommunen om planlegging for verdiskaping og berekraftig næringsutvikling og det må setjast av tilstrekkelege areal for næringsutvikling som tek vare på næringslivet sitt behov og som er lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Kommunane skal sikra viktige jordbruksområde og leggja til rette for nye og grønne næringar i tilknytning til jordbruk og skogbruk
- Kommunane skal sikra tilstrekkeleg areal til fiskeri- og havbruksnæringa og avvega dette mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser
- Kommunane skal sikra tilgjenge til gode mineralførekomstar og avvega desse mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser

### Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde:

- Kommunane skal avklare regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur, og hovudtrekka i transportsystemet
- Det skal trekkast langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområda og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde
- Det skal leggjast til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging som er lokalisert med omsyn til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Det skal sikrast høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, tilrettelegging for auka bruk av sykkel og gange og ein må sikra samanhengande gang- og sykkelforbindelsar
- Ein skal utnytta potensialet for fortetting og transformasjon før nye utbyggingsområde vert teke i bruk
- Kommunen skal leggja til rette for effektive prosessar og rask handsaming av kommunedelplanar og reguleringsplanar for samferdsletiltak
- Kommunen skal ha ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skapa eit godt og levande bymiljø
- Kommunens skal leggja til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv bør vektleggjast
- Arkitektur, kulturminner, landskapsverdiar, vatn og grønne element skal aktivt takast i bruk som ressurs i sentrumsutviklinga
- Kommunen skal sikra trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining
- Kommunen skal ta vare på naturverdiane og leggja til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile befolkninga ved å sikra samanhengande grønstruktur, opne vassvegar og nærleik til område for lek, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv
- Kommunen skal bruka prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgjevnader og utbygging

#### 1.2.3 Regional planstrategi og regionale planar

Fylkeskommunane skal i sin tur utarbeida regionale planar, basert på ein regional planstrategi, som skal leggja meir klargjerande og regionalt tilpassa føringar for den kommunale planlegginga.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å følgja opp dei nasjonale forventingane i den regionale planlegginga. Dette vert følgt opp i den regionale planstrategien og dei regionale planane.

I gjeldande regionale planstrategi er det lagt vekt på å skapa vekst og å handtera denne veksten, klima, kompetanse og arbeidskraft, og kystsona og marine næringar.

Ny regional planstrategi for perioden 2016 til 2019 er under utarbeiding og er tenkt lagt fram for vedtak i desember 2016. Det er allereie no laga eit utkast til slik regional planstrategi for Hordaland der det er sett eit langsiktig mål om at Hordaland skal vera berekraftig, attraktiv og nyskapande. Kommunane må i utarbeidinga av eigne planstrategiar forholde seg til gjeldande regional planstrategi for å avklara kva dei regionale strategiske vala er.

Hovudmåla i utkastet til ny regional planstrategi er:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion


Nokre av dei regionale planane er særskilt viktige for Sveio kommune. Ein av desse er *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* som mellom anna viser korleis planlegginga kan bidra til å skapa attraktive sentrumsområde. Den drøftar kva tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod som bør lokaliserast til sentera og den drøftar lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod. Vidare tek den opp spørsmål om korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem.



*Regional plan for attraktive senter i Hordaland* kjem til dels i konflikt med *Regional plan for areal og transport på Haugalandet* som har vorte på eit seinare tidspunkt. Der det er avvik mellom planane vil siste godkjente plan gjelda framfor den andre.

Andre viktige regionale planar er *Regional plan for folkehelse*, *Regional kulturplan*, *Regional transportplan*, *Regional næringsplan*, *Regional plan for klima og energi*, *Regional plan for vassregion Hordaland*.

## 1.2.4 Interkommunalt samarbeid



Sunnhordlandskommunane og Fusa kommune har over fleire år samarbeida om ein interkommunal strandsoneplan.

Dette arbeid er enno ikkje ferdigstilt, men tankane bak planen er å finne nokre felles regionale trekk og utfordringar som gjeld for strandsona. Med ein felles plan kan ein etablera felles metodar for kartlegging og vurdering av strandsona som vil utgjera grunnlaget for planlegging og handsaming av tiltak i strandsona.

Planen vert i hovudsak meir eit rettleiande dokument enn styrande. Dei delar som kan verta styrande for kommunane i den lokale planlegginga vil vera krav til føresegner.

## 1.3 KOMMUNEPLANEN

### 1.3.1 Plansystemet i kommunen

*Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023* er det gjeldande overordna planverket for kommunen. I tillegg har kommunen to kommunedelplanar for dei to tettstadene Sveio og Førde og fleire private og kommunale reguleringsplanar. Desse planar er alle godkjente etter pbl, dei er juridisk bindande og dei legg føringane for framtidig utvikling i kommunen. Det ligg òg føre ulike kommunale temaplanar og dei er ikkje juridisk bindande, men er likevel førande for utviklinga og framtidige planprosessar og skal takast omsyn til ved vurdering av tiltak.

Gjeldande kommuneplan og kommunedelplanar:

(alle overordna kommunale planar ligg i *vedlegg 2* og gjeldande reguleringsplanar er lista opp i *vedlegg 3*)

Planform	Dato for vedtak
Kommuneplan for Sveio 2011-2023	03.10.2011
Kommunedelplan for Førde	03.12.2007
Kommunedelplan for Sveio sentrum	04.10.2010

Kommunen har enno ikkje gjennomført nokre områdereguleringar etter ny pbl, men har starta opp to planprosessar, ein for temaparken Vikingland og ein for bustadfelt på Ekrene Vest.

Gjeldande kommuneplan dannar eit viktig utgangspunkt for arbeidet med den nye planstrategien og vil vera grunnsteinen for arbeidet med ny kommuneplan. Det er

såleis ikkje snakk om ein heilt ny kommuneplan på dette tidspunktet, utan ein revisjon av gjeldande plan. Samtidig vil ny planstrategi danna eit viktig grunnlag for arbeidet med ny kommuneplan. Her kan ein sjå at det er ein vekselverknad mellom prosessane og at det kan vera føremålstenleg å sjå dei to oppgåvene samla.

Gjeldande kommuneplan vil vera grunnlaget for kommuneplanarbeidet og planprosessen vil vera prega av at dette er ein revisjon av gjeldande plan. I den samanheng må det likevel gjerast konkrete vurderingar om det er behov for å staka ut ein ny kurs for kommunen på enkelte viktige samfunnsområde. Det må takast stilling til om det er behov for endringar for å samsvara med dei nasjonale forventingane og dei regionale planane viser. Dette vil vera planstrategien sin oppgåve å finna ut. Samtidig vil det vera naudsynt å sjå på behovet for andre kommunale planar.

### 1.3.2 Kommuneplanen for Sveio 2011-2023

Kommuneplanen vart godkjent i kommunestyret i oktober 2011 og ved utforming av gjeldande planstrategi for kommunen i 2012 var konklusjonen at det ikkje var behov for å revidera kommuneplanen med bakgrunn i at den var relativt nyleg vedteken. No er kommuneplanen nokre år gamal og det er på høg tid å ta opp tråden på ny. Gjeldande kommuneplan inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel med tilhøyrande vedlegg. Økonomiplanen fungerer i tillegg som kommuneplanen sin handlingsplan.


#### Samfunnsdelen til kommuneplanen

Det er i samfunnsdelen til kommuneplanen at dei langsiktige måla for utviklinga skal visast. Dette gjeld både for kommunen som samfunn og det gjeld for kommunen som tenesteprodusent. I kommuneplanen sin samfunnsdel bør dei definerte samfunnsutfordringane som ein har avdekkja i planstrategien visast. Med grunnlag i desse utfordringar bør det lagast konkrete overordna mål og strategiar for kommunen.

Samfunnsdelen vil vera eit styringsverktøy for kommunal verksemd og for planlegging og skal vera grunnlaget for sektorane sine planar. Det vert såleis eit verktøy for heilskap og prioritering.

Sveio kommune sin overordna visjon i kommuneplanen er «*Vilje til vekst – ein god stad å bu*». For å verkeleggjere visjonen er det i planen sett opp fire satsingsområde:

1. *Tenester med kvalitet*
2. *Offensiv næringsutvikling*
3. *Areal – utvikling, miljø, landbruk og beredskap*
4. *Demokrati, deltaking og kultur*



For å oppfylle målsettingane skal kommunen oi følgje gjeldande kommuneplan mellom anna arbeida for å auka folketalet med 2% årleg, arbeida for gode areal til næringslivet og for fortetting og sentrumsutvikling. Samstundes skal ein leggja vekt på ein arealpolitikk som sikrar barn og unge sine interesser, og eit godt aktivitetstilbod og rikt friluftsliv i nærmiljøet.

Det skal òg arbeidast for auka trafikksikring. Det skal vera fokus på folkehelsearbeidet og kommuneplanlegginga skal ha fokus på arealbruk/planlegging, samferdsel og transport, utvikling av livskraftige og helsefremjande lokalsamfunn og universell utforming.

I kommuneplanen står det vidare at landbruket er ei næringsform som det skal satsast vidare på. Eitt av måla for landbruket er at kommunen skal arbeida for klare og langsiktige grenser mellom utbygde område og landbruksområde.

Gjeldande kommuneplan har klare og tydelege målformuleringa som er greie å arbeida vidare med som utgangspunkt i ny planstrategi og i det framtidige kommuneplanarbeidet.

Etter at kommuneplanen vart godkjent i 2011 har det kome til nye krav til omsyn i planlegginga, som å sikra at mellom anna folkehelseaspektet vert ivareteke i all planlegging og at ein skal følgja opp krava i Naturmangfaldlova. Det har i tillegg kome nye regionale planar og nasjonale forventingar som kommunen må ta omsyn til ved den lokale planlegginga. Dette må synleggjerast i ny samfunnsdel.

### Arealdelen

Arealdelen til kommuneplanen dekker heile kommunen med unntak for dei to tettstadene Sveio sentrum og Førde som er omfatta av kvar sin kommunedelplan.

Arealdelen syner den overordna disponeringa av kommunen sine areal og er juridisk bindande. Den viser samanhengen mellom arealbruken og behovet for framtidig samfunnsutvikling. Arealdelen viser hovudtrekka i arealdisponeringa, sett rammar og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk og viser kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.


I gjeldande plankart er det teke særskilt omsyn til vidareutvikling av næringsareal, bustadområde, offentleg tenesteyting og småbåthamnar.

## **1.4 Evaluering av førre planstrategi og gjeldande kommuneplan**

Etter at kommunen utarbeida sin første planstrategi i 2012 og kommuneplanen frå 2011 har vorte praktisert nokre år så har ein gjort seg nokre erfaringar.

### Planstrategi for Sveio 2012-2016

Ved utarbeiding av gjeldande kommunale planstrategi for Sveio vart det lagt ein særskild ambisiøs forventning til den kommunale planlegginga. Administrasjonen la fram ein oversikt over kommunen sine planar med føremålet å samla dei i eit dokument og å gjera dei synlege for så vel administrasjonen som for politikarane.



Målet var å vise alle dei overordna planane for alle dei kommunale sektorane, så vel dei som var utarbeida etter krava i plan- og bygningslova og dei meir tematiske planane/fagplanane.

Oversikta viste òg kva planar administrasjonen meinte det var behov for å gjennomføra i ein tidsperiode på fire år, uavhengig om det fantes midlar og/eller ressursar til arbeidet.

Ved vedtak om å godkjenna planstrategien valte kommunestyret i tillegg å leggja til fleire planar i lista over planbehovet, utan å ha teke stilling til ressursbehovet. Det var mange planar, noko som sjølvstendig viste seg vera umogleg å gjennomføra med dei ressursar som var tilgjengelege.

Kommunen har, etter utarbeidinga av den første planstrategien, gjort den erfaringa at ein ikkje skal leggja fram og godkjenna ein planstrategi som det ikkje vil vera midlar og ressursar til å gjennomføra. I den nye oversikta over planar som er naudsynnte å gjennomføra må kommunestyret difor ta stilling til om det er ressursar til gjennomføring av planane og det må takast omsyn til at ein berre legg inn dei planar som ein har kapasitet til å starta opp og/eller gjennomføra.


Administrasjonen har gjort den erfaringa at ein bør leggja fram ein meir avgrensa liste over planar som det er behov for i planstrategiperioden.

Det vil fortsett vera viktig å vise alle eksisterande og ev. dei framtidige planar ein ønskjer for kommunen i ein samlande oversikt for å vise kva planar kommunen har totalt. Planstrategien vil difor i tillegg til å visa dei strategiske drøftingane og planbehovet i kommunestyreperioden, leggja ved den samlande oversikta over alle dei overordna planane i kommunen (dei mindre lokale planane for kvar sektor og planar som omfattar beredskap er ikkje teke med her). Det vil i tillegg verta vist kva planar som vil ha behov for revisjon i framtida, for å skapa ein føreseieleg og kontinuerleg planlegging.

### Kommuneplan for Sveio 2011-2023

Sett i lyset av at gjeldande kommuneplan vart utarbeida i løpet av perioden 2009-2011 og at plan- og bygningslova på den tida var heilt ny og uprøvd så har ein gjort seg nokre erfaringar og kome til den konklusjonen at det er naudsynt å revidera kommuneplanen for å sikra gjennomføring av framtidige tiltak og at dei politiske målsettingane vert oppfylte.

I tillegg har det etter vedtak av kommuneplanen i oktober 2011 kome nye nasjonale og regionale forventingar som legg føringar for kommunal planlegging. Vidare har endringar i pbl etter at lova trådde i kraft i 2009 medført behov for revidering av kommuneplanen. Slike forhold må sjåast i samanheng med dei behov kommunen har for framtidig utvikling og ein må gjera vurderingar om gjeldande kommuneplan er utdatert.



Sakshandsamarane i kommunen har, etter at ny kommuneplan vart teke i bruk, gjort seg nokre erfaringar i forhold til arealdelen. Mellom anna kan ein konkludera med at arealdelen ha behov for endringar i form av justerte arealføremål, men òg i forhold til sakshandsaminga for å sikra gode planprosessar og handsaming av enkelttiltak.

Ein konkret utfordring er mellom anna at kommuneplanen i alt for stor grad stiller krav til reguleringsplan ved enklare, meir kurante tiltak. Dette kan mellom anna gjelda frådeling av utbygde eigedomar.

Med dei nye nasjonale forventingane vil det difor vera naudsynt å sjå over så vel samfunnsdelen som arealdelen for å avklara om kommuneplanen oppfyller forventingane.

## 1.5 SVEIO KOMMUNE - STATUS

### 1.5.1 Om Sveio kommune

Sveio kommune ligg langs kysten heilt sør i Hordaland. Kommunen ligg med kystline i nord, aust og vest og har berre landfast tilknytning til kommunane Tysvær og Haugesund i sør, der òg fylkesgrensa mot Rogaland går. Kommunen har ei sentral plassering på Sørvestlandet, midt mellom Bergen og Stavanger. Kommunen profilerer seg gjerne med det passande uttrykket *Sveio midt i leio*.


I tillegg til å liggja mellom dei to større byane, ligg Sveio i tillegg mellom to sterke næringsregionar, Haugalandet, med Haugesund som regionsenter, og Sunnhordland, med Leirvik på Stord som regionsenter.

FAKTA	
Areal, land	224 km <sup>2</sup>
Areal, Vann	22 km <sup>2</sup>
Naturreservat	2.58 km <sup>2</sup>
Dyrka mark	12,602 dekar
Strandsoneareal	18,893 dekar
Folketal, pr. 01.01.2016	5593
Befolkningsvekst 2010-2016 i prosent	11,9%
Befolkningsvekst 2010-2016 i tal	594 personar
Befolkningsvekst i gjennomsnitt 2010-2016	85 personar/år



### Politisk organisering

Kommunestyret med sine 25 representantar er administrasjonen sin øvste organ, og alt ansvar og mynde ligg i utgangspunktet her. Kontrollutvalet, formannskapet og tre ulike hovudutval er dei viktigaste politiske organa med delegert mynde frå kommunestyret.



### Administrativ organisering og kommunale tenestar


Rådmannen er administrasjonen sin øvste leiar, som til dagleg styrer aktiviteten i kommunen. Rådmannen skal sjå til at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreia, at politiske vedtak er forsvarleg utgreia og at administrasjonen vert drive i tråd med overordna føringar.

Administrasjonen er organisert over to ansvarsnivå;

1. Administrativ strategisk leiing (rådmannen, tre kommunalsjefar, økonomisjefen og leiar for løn og personal)
2. Einingane (personal-, økonomisk- og fagleg ansvar)


Einingane skal gje støtte og service til strategisk leiing og til driftseiningane. Sveio kommune samarbeidar elles interkommunalt om oppgåver som er komplekse og der organisasjonen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse eller kapasitet til å løyse oppgåvene sjølv.

Det var 471 tilsette, fordelt på 359 årsverk, i Sveio kommune per 01.09.2015. Majoriteten av desse er kvinner.




## 1.5.2 Befolkningsutvikling (folketal) og samansetting


Ved inngangen til 2016 var folketallet i Sveio kommune på 5 593 personar, noko som var 84 personar fleire enn året før.



Det var vekst i talet på barneskulebarn, yrkesaktive mellom 20 og 44 år og yngre pensjonistar mellom 67 og 79 år som sto for auken i folketalet. Sveio kommune har i dag relativt sett yngre befolkning enn snittet for både Hordaland og for landet som heilskap.



Kommunen har i sin kommuneplan hatt eit ønskje om å forsterka tettstadene og samstundes ta vare på den desentraliserte busetnaden. Utviklinga fram til no har vore i samsvar med denne planen. I samsvar med kommunen sitt mål om fortetting har det meste av folketalsveksten skjedd i nærleiken av Sveio sentrum og i Vikse krins. Veksten heng òg saman med at den sørlige delen av Sveio ligg nær Haugesund, der handelstilbodet og arbeidsplassane ligg.



Etter ein periode med svak vekst i folketalet på 90-talet, auka folketilveksten utpå 2000-talet. Utviklinga er delvis eit resultat av kommunen sin strategi knytt til bustadbygging. Etter 2005 er det i all hovudsak nettotilflytting<sup>1</sup> som har vore årsak til folketilveksten. Veksten i dei tidlegare åra har stort sett vore årsaka av fødselstilskot<sup>2</sup>.

Kombinasjonen mellom høgt fødselstal og eit stort kull som starta på skulen i 2015, førte til ei stabil utvikling i talet på barn under skulealder. Store barnekull set økonomien i skule, barnehage og andre tenester retta mot barn og unge, under press. Vidare må tilrettelegging av bustadbygginga vurderast opp mot kapasitet i skulebygg og tryggleiken på skulevegar.

Tal personer i aldersgruppene over 80 år har heldt seg stabil etter 2010 og fram til i dag. Men auken i gruppa yngre pensjonistar vil etter kvart gi relativt sett fleire eldre enn kommunen har i dag.


### 1.5.3 Utdanning

Tradisjonelt har det vore låg utdanningsgrad i Sveio, men det har endra seg over tid.

I 2014 var det rundt halvparten av dei over 16 år som hadde vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå, nærmare 20 prosent hadde kort universitetsutdanning og 4

<sup>1</sup> Nettotilflytting = differansen mellom inn- og utflytting

<sup>2</sup> Fødselstilskot = talet på fødde minus døde



prosent lengre universitetsutdanning. I Sveio kommune har ein av fire jenter ein bachelorgrad, mens det same gjelder for i underkant av 14 prosent av gutane. Blant gutane har rundt 55 prosent vidaregåande som høgaste utdanning.

#### 1.5.4 Levekår og folkehelse

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Samtidig er folkehelsa ein viktig føresetnad for god utvikling. Ei rekkje tilhøve i samfunnet påverkar folkehelsa. Det å ha god oversikt bidreg til eit meir treffsikkert folkehelsearbeid og ser til at kommunen kan retta innsatsen mot dei faktiske utfordringane innan folkehelse og ressursane vert nytta betre. Med bakgrunn i dette pålegg folkehelselova, frå 01.01.2012, alle kommunar å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Folkehelselova, med forskrift og rettleiar, set overordna krav til kva oversikten skal innehalda, kva kjelder som skal nyttast og kva vurderingar som skal gjerast.

Folkehelseoversikta for Sveio 2016 viser mellom anna på kva område kommunen har utfordringar i forhold til å skapa gode levekår for innbyggjarane.

Folkehelseoversikta tek utgangspunkt i følgjande;

- opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
- kunnskap frå dei kommunale helse- og omsorgstenestane
- kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og samfunn som kan ha innverknad på innbyggjarane si helse.

Føremålet med folkehelseoversikta er å retta merksemd mot faktorar som har innverknad på helsa, slik at folkehelsearbeidet kan rettast mot årsakene til god eller dårleg helse heller enn mot å handtera symptoma. Oversikta er ikkje ein plan for å betre folkehelse og difor legg den ikkje fram forslag til tiltak og løysingar. Dokumentet

skal derimot framheva folkehelseutfordringar og ressursar slik at kommunen kan planleggja og setja i verk målretta og effektive tiltak. Folkehelseoversikten er eit godt grunnlagsdokument for arbeidet med kommunale planar og budsjett.

Folkehelseoversikten viser at det er fem hovudstrategiar for å nå måla:

- byggja opp helsefremjande politikk
- skapa støttande miljø
- styrkja handlingsrommet i lokalmiljøet
- utvikla personleg dugleik
- reorientera helsetenesta i helsefremjande retning

For at kommunen skal lukkast i sitt arbeid for ei god folkehelse må vi:

- sikra at kunnskap om helsetilstand og sentrale påverknadsfaktorar vert lagt til grunn for lokale og regionale planar og tiltak
- vidareutvikla folkehelsearbeidet som lokalt og regionale satsingsområde
- forankra folkehelsearbeidet i alle sektorar og politikkområde
- sikra at folkehelsearbeidet vert inkludert i relevante plandokumentarbeid
- klargjera organiseringa av arbeidet
- utvikla mål og strategiar for folkehelse
- få oversikt over og utvikla verktøy for arbeidet


Folkehelseoversikten viser at ulikskap i helse er eit gjennomgåande tema for alle vurderingar om folkehelse. Det visast mellom anna at det er ein klar samheng mellom kor lang utdanning ein har og kor lenge ein lever.

### Levekår i Sveio

Den største venta endringa i folkehelsa i eit 10-15 års perspektiv er at det er venta langt fleire eldre relatert til folketalet enn tidlegare. Grunngeving for det er mellom anna store barnekull i etterkrigstida og høgare forventade levealder. I Sveio er det relativt sett venta noko fleire born under skulealder, òg på småskule- og mellomtrinnet. Relatert til folketalet vert delen tenåringar (13-19 år) og middelaldringar (45-67 år) mindre.

Ein del av folketalsauka skuldast òg auka innvandring til kommunen. I 2015 hadde om lag 8 % av innbyggjarane i Sveio utanlandsk statsborgarskap. Sveio skil seg tydeleg frå resten av landet ved at berre ein av fem personar over 45 år bur aleine. I Hordaland og elles i Noreg er tala ein av fire.

Valdeltakinga, som seier noko om samfunnsengasjementet i kommunen, var høgare enn landsnivået ved kommune- og fylkestingsvalet i 2015. Elles har deltakinga halde seg stabil, med noko høgare deltaking ved stortingsval enn ved kommune- og fylkesval. På lands- og fylkesbasis ser ein tendens til ei noko auka valdeltaking, men framleis lågare enn det som er vanleg i Sveio.



Tradisjonelt har det vore låg utdanningsgrad i Sveio, men det har endra seg over tid. Det er no like stor del sveibuer som tek vidaregåande utdanning som i fylket og landet elles. Sjølv om talet på innbyggjarar med høgskule eller universitetsutdanning har hatt ein god auke, er det framleis ei utfordring å få alle som tek høgare utdanning, til å flytta attende til kommunen.

Når det gjeld låg inntekt og inntektsfordeling, er utviklinga positiv for begge to, og det er framleis slik at der er relativt liten skilnad i inntekt mellom innbyggjarane i Sveio. Det er ein lågare del av innbyggjarane som er i ordinært arbeid, men utviklinga av arbeidsløyse har ikkje vore like sterk som i resten av landet/fylket.

Grappa uføretrygda er ei utsett gruppe med tanke på helse (fysisk og psykisk) og materielt. Omfanget av uføretrygda er ein indikator på helsetilstand, men må sjåast i samanheng med næringslivet, utdaningsnivået og jobbtilbodet i kommunen. Grupper som står utanfor arbeidsliv og skule har oftare dårlegare psykisk helse og meir usunne levevaner enn dei som er i arbeid.

Uføretrygd er den indikatoren som seier mest om folkehelsa, og er særst viktig å ha merksemd på. Eit særtrekk i Sveio er at det er ein høg del unge uføre menn sett i samanheng med landet, fylket og andre kommunar som det er naturleg å samanlikna seg med, trass i låge risikoindikatorar for uføretrygd. I perioden 2007 til 2013 var det mellom 50 og 70 % fleir uføretrygda menn mellom 18 og 44 år, enn kva som er vanleg elles i Noreg. Kvinner i same aldersgruppe held seg stabilt i same periode, men tala for kvinner er òg høgare enn landssnittet, om lag 10 – 20 %.

Vurdering av levekårsindikator	Nivå samanlikna med fylket/landet	Utviklinga i kommunen	Utviklinga samanlikna med fylket/landet
VGS eller høgare utdanning 30-39 år			
Låginntekt (hushaldningar) 0-17 år			
Ulikskap i inntekt			
Barn av einslege forsørgjarar			
Arbeidsledige 15-29 år			
Uføretrygda 18-44år			

Det er fleir sveibuer, enn i fylket og landet elles, som vert råka av livsstilssjukdomar. Legemeldt sjukefråvere for arbeidstakarar busette i Sveio har hatt ein nedgang inntil siste tilgjengelege talmateriale. No viser det igjen ein svak oppgang.

Sveio, med sin nærleik til ein stor arbeidsmarknad (Sunnhordland i nord og Haugalandet i sør), er ein pendlarkommune. Litt under halvdelen av arbeidsstokken finn arbeid i Sveio og om lag ein tredel pendlar til Haugesund. Elles finn sveibuen arbeid i alle himmelretningar.

### Resursar i kommunen

- Sveio har god luftkvalitet, lite utfordring med støy og eit godt drikkevatt
- Sveio har eit rikt lag og foreiningsliv
- Sveio har god tilgang til areal for leik, friluftsliv og rekreasjon
- Sveio har låg gjennomsnittsalder
- Sveio har lågt tal på eineforsørgjarar
- Sveio har låg del låginnteksthushald

### Hovudutfordringar i folkehelsa

- Befolkningsveksten i kommunen har minska. Korleis oppretthalda befolkningsveksten?
- Korleis handtera doblinga av talet på eldre over 80 år i løpet av 15 år?
- Korleis betra nivå på lesing og rekning?
- Korleis få unge uføretrygda ut i utdanning eller arbeid?
- Korleis forhindra diverse sjukdomar (inaktivitet/overvekt, hjertekarsjukdomar, nye krefttilfelle, hoftebrot)?

### Strategiske val for folkehelsearbeidet i Sveio kommune

Folkehelseoversikten for Sveio kommune 2016 legg fram forslag til mål i forhold til folkehelse som det bør arbeidast vidare med.

- ta vare på den ressursen Sveio har som eit samfunn med god luftkvalitet, lite utfordring med støy og eit godt drikkevatt
- ta vare på den ressursen Sveio har i form av eit rikt lag- og foreiningsliv og arbeide for deltaking i desse for alle deler av befolkninga og i heile kommunen
- ta vare på den ressursen Sveio har med tilgang til areal for leik, friluftsliv og rekreasjon
- oppretthalde og utvikle gode nærmiljø
- tettstadsutvikling/sentrumsplan i tråd med prinsipp for god folkehelse med fortetta sentrum, meir folkeliv, fleir bustader for små husstandar, ein plass å driva næring og å besøke
- utvikle infrastruktur med tanke på auka kvardagsaktivitet (g/s-vegar, turstiar m.v)
- auka fysisk aktivitetsnivå i alle delar av befolkninga (gode utemiljø og friluftsområde)
- betra eigenmeistring og overvaka utviklinga av førebyggbare sjukdomar
- sikra kunnskap om årsaker til og omfang av personskadar i kommunen
- færre ulukker, som hoftebrot, gjennom til rettelegging for universell utforming
- auka meistringsnivå på lesing og rekning
- førebuing for eldrebølgjen, gjennom å utvikla og leggja til rette for auka meistring hjå eldre og leggja til rette for utbygging a eigna bustader
- ha som overordna mål i kommuneplanarbeidet å sikra best moglege løysingar for universell utforming
- leggja til rette for medverknad i planarbeidet slik at alle befolkningsgrupper får høve til å delta

## **1.6 KOMMUNAL TENESTEYTING OG FORVALTNING**

Dei ulike sektorane i kommunen har ulike oppgåver for å sikra god tenesteyting og forvaltning. Sektorane er fordelte på tre kommunalsjefar som har fleire ulike rammeområde å forholde seg til.

### **1.6.1 Sentraladministrasjonen**

Til rammeområdet høyrer rådmann, innkjøp, eigedomsskatt, lærling og støtteiningane; offentleg servicekontor, løn- og personalkontoret, økonomikontoret og IKT-kontoret.

Sentraladministrasjonen har ansvar for å sette i verk politiske vedtak, drive organisasjonen i tråd med overordna føringar og legge til rette for kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen. Dei ulike støtteiningane har spesialiserte ansvar og varetek spisskompetanse innan ulike sentrale område. Dei skal vera støttespelar for einingane og strategisk leiargruppe innan sine fagområde.

#### **Hovudutfordringar:**

Hovudutfordring for sentraladministrasjonen er å vidareutvikla gode tenester til publikum, innbyggjarar og dei ulike avdelingane i kommunen i tråd med lovverk, planar og behov.

### **1.6.2 Teknisk**

Rammeområdet teknisk omfattar administrasjon, næringsretteleing- og utvikling, drift- og anleggsavdelinga, plan- og næringsavdelinga inkludert Sveio brann- og redningsvesen.

Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Til anlegg høyrar blant anna vassverk, vatn- og avløpsnett. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel- og gangstiar, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og reinhald. Forvaltning av kommunal renovasjon og slam ligg òg til avdelinga.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er planlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, dispensasjonar, viltforvaltning, landbruk, veterinærvakt, energi/klima/miljø/vassforvaltning, brannvern og kommunalt beredskapsarbeid.

Rammeområdet legg til rette for næringsutvikling, auka verdiskapning og sysselsettinga i kommunen og held eit korrekt og trygt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, anlegg og utstyr. Området skal sikra godt, tilstrekkeleg og hygienisk vatn til abonnentane. Avfall skal handterast effektivt og miljøvennleg.

Gjennom god planlegging skal kommunen kunne tilby gode og trygge bumiljø og utvikla trivlege sentrumsområde for handel og sosiale aktivitetar. Ein skal også ha fokus på å ta vare på naturressursane og miljøkvalitetane.

#### **Hovudutfordringar:**

Sveio kommune er ein kommune i vekst. Auke i folketal medfører eit større press på mange av tenestene innan fagområdet.

Kommunen er forholdsvis stor i utstrekning med spreidd busetnad i dei ulike områda. Dette medfører utfordringar med å etablere og vedlikehalde naudsynt infrastruktur.



Nokre døme kan være vatn- og avløpsnett, trygge og framkommelege vegar og eit framtidsretta breiband.

Kommunen har også mange bygningar og anlegg som skal vedlikehaldas. Dei neste åra er det gjort vedtak om fleire større prosjekt som å rehabiliter/bygge på Sveio skule, rehabiliter Førde skule, utvide Førde gravplass, utvide vassleidning Eltravåg og å bygge nytt badeanlegg og soknehus. Desse og fleire andre større prosjekt vil gå parallelt.

Når det gjeld planlegging er kommunen i gang med fleire krevjande og viktige planprosessar i samsvar med plan- og bygningsloven. Døme her er kommunedelplan for Sveio sentrum, områdeplan for Vikingland og Ekrene Vest. Utover dette deltek kommunen i aktivt i regionalt og interkommunalt planarbeid. Kommunen har avgrensa kapasitet til å starte nye planprosessar nå.



### **1.6.3 Helse/omsorg**

Sektoren Helse og omsorg omfattar rammeområde:

- Pleie og omsorg,
- Helse og rehabilitering,
- Barnevern,
- Habilitering og
- NAV med flyktningavdeling

Tenester vert gitt etter vedtak gjort av tenestekontor etter prinsippet bestillar/utførarmodell. Felles for sektoren vil vere til eikvar tid å kunne gi forsvarlege tenester i samsvar med lovverk og møte aukande behov innafor tildelte rammer.

#### **HELSE OG REHABILITERING:**

Helse og rehabilitering omfattar helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste, legevakt, psykisk helseteneste med dagsenter og bufelleskap med 4 bueiningar, fysioterapiteneste, hjelpemiddel og frisklivstiltak.

#### **Hovudutfordringar:**

Videreutvikla eit godt nok differensiert og spesialisert tenestetilbod

#### **HABILITERING:**

Bustaddrift for psykisk utviklingshemma – det er 3 bufelleskap med 13 bebuarar forutan avlastingstiltak. Drive og gi tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til psykisk utviklingshemma. Eit eige fagteam følgjer opp heimebuande psykisk utviklingshemma.

#### **Hovudutfordringar:**

Oppretthalda eit tilfredsstillande tenestenivå innafor vedtekne rammer. Følgje opp med tilrettelagte bustadtilbod og arbeids- og aktivitetstilbod i takt med behovsvekst. Rekruttering av kompetent helsepersonell er ei utfordring.

## PLEIE OG OMSORG

Gir omsorgs- og tilsynstjenester til eldre og sjuke med eit variert tenestetilbod som t.d. avlastingsopphald, korttidsopphald, rehabilitering og langtidsplass- totalt 43 plasser i einerom. Eit eige kjøkken produserer all mat til pasientane, samt middag til heimebuande. Der er eige reinhald og vaskeri som tek hand om bebuartøy, institusjonstøy og arbeidsklede til tilsette. Dagavdelinga gir dagopphald til heimebuande – der gruppa demente vert prioritert.

### Hovudutfordringar:

Samhandlingsreforma gir kommunen større oppgåver i form av feire pleiekrevjande brukarar og meir komplisert sjukepleie og medisinsk behandling. Å følgje opp behov for auka kompetanse og god rekruttering er og vil vere ei utfordring. Dette gjeld både innafor sjukeheimsdrift men også i heimetenesta. Tenester som gis er heimesjukepleie, rehabilitering, heimehjelp/praktisk bistand, miljø- og meistringsteneste (rusomsorg), BPA, tryggleiksalarm, matombringning og omsorgsløn.



## BARNEVERN TENESTA

Barnevernstenesta består i tillegg til faste stillingar, av ulike grupper av oppdragstakarar som fosterforeldre, besøksheimar, støttekontaktar, miljøarbeidarar, rettleiarar og tilsynsførarar.

Barnevernstenesta har som oppgåve å gi barn som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling rett hjelp til rett tid. Tenestene skal ha som føremål å skapa positiv endring hjå barnet.

I hovudsak vert hjelpa gitt til barn i heimen. Dei mest brukte tiltaka er ulike råd og rettleiingsprogram, besøksheim, støttekontakt, økonomisk hjelp, dekking av barnehage/SFO. Lova er ikkje uttømmende når det kjem til hjelpetiltak. Ca 50 barn mottek frivillige hjelpetiltak i Sveio i løpet av eit år.

### Hovudutfordringar:

Hovudutfordring er i første rekke nok tilgang på gode tiltak ettersom statlege tiltak vert bygd ned. Ei anna viktig utfordring blir å gi eit godt tilbod til einslege mindrearige flyktingar, eit felt der tenesta får ei sentral rolle.

### NAV med flyktingavdeling:

NAV Sveio kommune gjev tenester etter Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen, Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere og Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her.

Tenesta er delt i tre ulike team. Flyktingteamet, sosialteamet og ressurs- og jobbaseteam. Hovudmål for alle teama, er fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad.

NAV har ansvar for førstegongsbusetjing av flyktingar og akuttbustad for dei som står utan bustad. Det er mangelfull tilgang på tenlege bustadløyisingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen manglar såleis også akuttbustad for personar som er utan bustad.

### Hovudutfordringar:

Den stramme arbeidsmarknaden vert ei større og større utfordring etter kvart som innstrammingane i oljeindustrien gjer seg gjeldande. Bustadsituasjonen har vore og er ei stor utfordring.




Ei veksande gruppe, unge som er brukarar utan utdanning og yrkeserfaring er og vil vere ei utfordring. Unge rusmisbrukarar er òg ei stor utfordring. Denne situasjonen vert ikkje alvorleg med redusert tilgang på arbeid. Behov for økonomisk rådgjeving til m.a. grupper som mistar inntekt er aukande.

### **1.6.4 Oppvekst/kultur**

#### BARNEHAGE

Som barnehagemynde har kommunen ansvar for å oppfylle retten til barnehageplass til barn under opplæringspliktig alder. Vidare har kommunen ansvar for å avklara om tilbudet i barnehagane er lovleg og fagleg godt nok, jf Barnehagelova med forskrifter og rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Kommunen har i dag tre kommunale- og fem private barnehagar. Ein av dei kommunale barnehagane er del av eit oppvekstsenter. Ved utgangen av 2015 gjekk det 408 barn i barnehagane i kommunen. Rundt  $\frac{1}{4}$  av barna gjekk i ein kommunal barnehage og rundt  $\frac{3}{4}$  i ein privat barnehage.



Både tal barn i barnehage og dekningsgrad har auka dei seinare åra. Jamfør *Barnehagebruksplanen* ventar vi å ha nok barnehageplassar til barn busett i Sveio

kommune til rundt 2021.

Både private og kommunale barnehagar i Sveio er med i fellessatsinga «Vera saman», som er eit kompetanseløft for tidleg innsats og endringsarbeid i barnehagane.

Tal på førskulebarn med rett til spesialpedagogisk hjelp ligg på landsnivået, men omfanget det enkelte barn i Sveio får tildelt er høgare enn snittet.

### **Hovudutfordringar**

- halde trykket oppe på satsinga «Vera saman» og andre satsingsområde
- god fysisk tilrettelegging for barn med særskilte behov i barnehage er ei utfordring. Det bør vurderast om ein av dei kommunale barnehagane skal ha ein base som er spesielt utforma for å sikra pleie, trening og utvikling for denne barnegruppa
- god språkopplæring for alle barn og spesielt dei med minoritetsspråkleg bakgrunn
- sikra samordna tverrfagleg innsats for barn som er i risiko for uheldig utvikling

### **GRUNNSKULE**

Som skuleeigar har kommunen etter opplæringslova og tilhøyrande forskrifter, ei plikt om å sørgja for grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp for barn og unge busett i kommunen.




Auklandshamn skule

Det er fire barneskular i kommunen (Førde skule, Auklandshamn skule, Valestrand oppvekstsenter og Vikse skule) og ein kombinert barne- og ungdomsskule (Sveio skule). Velkomstklasse for minoritetsspråklege elevar og vaksenopplæring er organisert som ein del av Førde skule. Avdeling for elevar med særskilte behov er lagt til Sveio skule.

Skulane i Sveio skal sikra tryggleik og trivsel i skulekvardagen som fundament for læring og utvikling hjå barn og unge. Høgt læringsutbyte vil vera avgjerande for korleis elevane seinare skal meistra utdanning og arbeidsliv. Skuleeigar gjer årleg ein tilstandsvurdering av skulane i tråd med opplæringslova, som blir behandla politisk. Vurderinga vert lagt til grunn for val av satsingsområde og vurdering av kompetansebehov.

Frå hausten 2016 vil skulane i Sveio til saman ha rundt 840 elevar, der nærmare 280 av dei er på ungdomstrinnet. Prognosane viser ein vekst i elevtal framover.



### **Hovudutfordringar**

- Auke i elevtalet utløyser behov for auke i driftsbudsjetta.
- Bustadbygging i søre delen av kommunen , kan fort gje utfordringar ved kapasiteten på Vikse skule.
- Elevundersøkinga for 2015 kan tyda på at det framleis er utfordringar knytt til trivsel og mobbing, og at det må arbeidast vidare med Respektprogrammet over tid.
- Resultata frå dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk visar at gjennomsnittet av elevane på 5.trinn i Sveio har lågare ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk enn resten av landet. Resultata viser vidare at elevane på 8.trinn er relativt dårleg representert på det høgaste meistringsnivået når det gjeld lesing og engelsk. Av elevane på 9.trinn er det ein mykje større andel som scorar på dei høgaste meistringsnivåa i lesing og rekning. Årsaka kan vera at desse elevane har hatt lengre nytte av «Ungdomstrinn i utvikling», eit program med skriving i alle fag som satsingsområde.
- For at elevane i kommunen skal meistra seinare utdanning og arbeidsliv, må dei tileigna seg grunnleggjande dugleikar som lesing, skriving og rekning.
- For at barn med minoritetspråkleg bakgrunn skal få utbytte av den ordinære opplæringa så snart som mogleg, må dei læra seg norsk relativt raskt. Ei utviding av velkomsttilbodet ved Førde skule frå tre til fem dagar i veka med støtte av morsmålslærarar, kan vera viktige tiltak for å få dette til.
- God utnytting av ressursane til beste for opplæringa i klasserommet, er ei viktig og stor utfordring som til ei kvar tid må ha fokus.
- Eventuelle nye bustadsområde vil føre til behov for auka skulekapasitet i desse områda.


## Prinsipp for arbeidet i skule og barnehage i Sveio kommune

*Kvalitetsutviklingsplan barnehage og skule 2016 – 2020* fastset overordna målsettingar for dei viktigaste hovudutfordringane til barnehagane og skulane i Sveio. Satsingsområde: Følgjande prinsipp ligg til grunn i alt arbeid i Sveio barnehagane og Sveioskulane:

- mangfald, inkludering og respekt.
- tidleg innsats
- barnehagetilbod tilpassa det einsskilde barnets behov
- tilpassa opplæring
- god tverrfagleg innsats for dei mest sårbare barna.
- gode utviklings- og læringsmiljø
- samarbeid heim – barnehage/skule

Med grunnlag i tilstandsrapporten for 2015 er det trong for å velja fokusområde for barnehagar og alle trinn i grunnskulen som byggjer opp om målsettingane for satsinga på ungdomstrinnet. I Sveio har språk og lesing tidlegare vore satsingsområde, men det er framleis skilnadar mellom skular og mellom klassar kor mykje barna meistrar på desse områda. Framleis ser ein at for mykje av spesialundervisninga blir sett inn hjå dei eldste elevane. Barn og elevar som slit med språk, lesing og skriving må få meir merksemd, oppdagast tidlegare og følgjast betre opp. Forsking viser at effekten av tidleg innsats er større enn hjelpetiltak som blir sett inn seinare i utdanningsløpet.

Gjennom arbeid med språkløyper og ungdomstrinn i utvikling vil barnehagar og skular ha fokus på dei grunnleggjande dugleikane språk, lesing og skriving. Sveio skule skal i tillegg delta i eit forskingsprosjekt i regi av Universitetet i Stavanger om lærartettleik, læringsutbytte og læringsmiljø. Sveio kommune er òg valt ut som språkkommune i 2016, der fokus er på heilskapleg satsing på språk, lesing og skriving frå barn startar i barnehage til dei går ut av vidaregåande skule.



Sveio kommune ønskjer at barnehagar og skular skal vera ein trygg stad der det er godt å vera saman og at kvar enkelt har ei oppleving av å høyra til. Samstundes skal barnehagar og skular leggja til rette for utvikling, læring og vekst med utgangspunkt i den einsskilde sine ressursar og behov.

### Planbehov i planperioden

- Skulebruksplan som viser kor mange skular Sveio skal ha og korleis skulebygningane skal sjå ut og brukast. Dette bør sjåast i samanheng med ein bustadutviklingsplan.
- Strategi for systematisk arbeid og forbetring av barn og elevars ferdighet innan språk, lesing og skriving
- Plan for overgang mellom barnehage og skule
- Årlege handlingsplanar for implementering og oppfølging av kvalitetsplan

### KULTUR

Kulturavdelinga jobbar for at innbyggjarane skal ha eit aktivt og meningsfylt liv gjennom å leggja til rette for aktivitet og oppleving. Kulturavdelinga har eit godt samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private om mellom anna kulturminneplan, reiseliv, idrett og friluftsliv, kulturskule, bibliotek, litteratur-



Valenheimen. Foto Ida Kristin Vollum

arrangement for skuleelevar, Fartein Valen arbeidet, Valenheimen og arrangement i Valestrand kulturkyrkje.

Hovudbiblioteket har hatt auke i utlånet det siste året og gjennomført fleire gode arrangement/prosjekt. Kulturskulen har oppretthalde tilbod i «Gøy med kulturskulen» for 4.klasse og band for 4-6 klasse. Dette har vore gratis tilbod som kommunen ønskjer å forsetje med.

Kulturskulen har òg vært med og deltatt i prosjekt med Sveio skule, ungdomstrinnet, og Valestrand oppvekstsenter.

Lag og foreiningar får framleis god hjelp av tilsette i avdelinga, mellom anna med søknad om spelemidlar og gjennom tildeling av ulike kulturmidlar. Merking av turstiar og skilting av kulturminne er godt i gong.

Fartein Valen-arbeidet har ei sentral rolle i Fartein Valenfestivalen og fått til gode resultat både i og utanom festivalen. I Den kulturelle skulesekken har vi i samarbeid med skulane fått til eit godt tilbod.

### Hovudutfordringar

- Biblioteket treng framleis større ressursar for å oppretthalda servicenivået til innbyggjarane generelt og skule spesielt.
- Biblioteket vil halde fram med ungdomsdebattar for å styrkja lokaldemokratiet.
- Kulturskulen skal bli meir synleg. Dette gjer ein m.a. gjennom auka tal konsertar og samarbeidsprosjekt samt utvikling av eksisterande tilbod. Ein skal og implementere ny rammeplan i arbeidet.
- Fortsetja arbeidet med merking og gradering av turstiar.
- Fortsetja arbeidet med gode kulturtilbod for born og unge. Spesielt gjennom DKS og Sveio ungdomsråd og ungdomsarbeidet knytt til Vigdartun.
- Utvikla tilbodet i Den kulturelle spasérstokken.

- Kulturminneplan i bokform.
- Skilting av kulturminne.
- Fartein Valen arbeidet. Utvikle ulike arena ved hjelp av statlege løyvingar.



Foto: Ida Kristin Vollum



## 2 DEL 2: PLANSTRATEGIEN –

### 2.1 BAKGRUNNEN

Kommunal planstrategi er omtalt i plan- og bygningslova [§ 10-1](#).

*Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling*

Lovkommentaren til Plan- og bygningslova utdypar kva ein planstrategi bør innehalda:

- skildring av utviklingstrekk og utfordringar knyt til samfunnsutvikling og miljø
- drøfting av hovudtrekka i ein langsiktig arealstrategi (prinsipp om romsleg utvikling, både for å sikra samordning, utbygging og vern av område
- vurdering av planbehovet for dei ulike sektorane
- vurdering av prioriterte planoppgåver og behovet for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

### 2.2 FØREMÅLET MED KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Kommunal planstrategi er eit verktøy med føremål å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra i ein kommunestyreperiode. Den skal setja fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. Eit viktig siktemål i den samanhengen er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Samtidig vil planstrategien kunne vera eit eigna verktøy for å vurdere utviklingstrekk i kommunen og sjå på plansystemet, tilgjengelege planressursar og det samla planbehovet.

Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv og er såleis ikkje eit juridisk bindande dokument slik kommuneplanen er. Den er heller ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar i kommunen (slikt skal avklarast i samfunnsdelen til kommuneplanen). Hensikta med planstrategien er å drøfta utviklingstrekk i kommunen, så vel som samfunn og som organisasjon. Planstrategien skal såleis vera eit hjelpemiddel eller eit verktøy for kommunen til å leggja grunnen for vidare lokal samfunnsutvikling.

Planstrategien kan i tillegg, gjennom å sei noko om kva planar det er behov for, bidra til å skapa ein føreseieleg planlegging av ressursbruken i kommunen. Gjennom å

gjera prioriteringar mellom dei ulike planoppgåvene vil ein ha god oversikt over kva ressursar som er naudsynte for å starta opp og utarbeida planane ein ønskjer. Her vert det viktig å vurdere planoppgåvene opp mot dei økonomiske føresetnader kommunen har.

Det er ikkje berre dei lovpålagte planoppgåvene som bør vurderast. Gjennom å sjå på utviklingsbehovet generelt i kommunen kan ein samtidig vurdere andre, ikkje lovpålagte planoppgåver og utgreiingsbehov. Det vil skapa ein føreseieleg planlegging av den samla ressursbruken for planarbeid i kommunen. Vedtak av planstrategien vil såleis forplikta både den administrative leiinga i kommunen og politikarane i kommunestyret i å sikra gjennomføring gjennom at det vert sett av tilstrekkelege ressursar.

Planstrategien kan endrast i kommunestyreperioden, og dersom kommunestyret finn ut at føringane i planstrategien ikkje kan oppfyllast eller ein har ønskje om omfattande avvik, bør kommunestyret sjølv fatta vedtak om å revidere planstrategien for å synleggjera endringane og dermed òg endringane i ressursbruken.

Kor omfattande strategien skal vera vil styrast av kva mål kommunen har og om det er naudsynt å revidere gjeldande kommuneplan i valperioden. Då kommunestyret i Sveio allereie har teke stilling til at arbeidet med revidering av kommuneplanen skal startast opp, er det naturleg å sjå arbeidet med planstrategi og planprogram i samanheng.

## **2.3 PROSESS – VARSLING, MEDVERKNAD OG SAMORDNING**

I arbeidet med planstrategien skal kommunen ta stilling til og vurdere om det er behov for ein brei medverknad og allmenn debatt, utover det lova stiller krav om. Det er gjort ei vurdering i saka at ein så langt skal halda seg til dei lovpålagte krava om medverknad og offentleggjering i samsvar med krav i pbl til planprogrammet, og heller sjå på auka medverknad i vidare planarbeid når ein kjem til utforming av kommuneplanen.

Arbeidet med planstrategien starta opp med varsling om oppstart av arbeida. Den politiske styringsgruppe består av medlemne i formannskapet. Leiargruppa i kommunen (rådmannen, kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef) er den administrative styringsgruppa.

Den administrative arbeidsgruppa vart oppretta med kommunen sin samfunnsplanleggjar som prosjektleiar og to representantar frå fagområda oppvekst/kultur og helse/omsorg.

For å sikra god intern medverknad vart det utarbeida ein enkel SWOT-analyse (Strengths, Weaknesses, Opportunities, Threats) for å få innspel på kommunen sin status og framtidsutsikter. Det vart i tillegg utarbeida eit skjema som tek føre seg og spør om kommentarar til kvart enkelt tema som vil vera føremål i den kommunale utviklinga.

Dei to skjema vart føremål for drøfting og refleksjon i leiarforum der mellom anna einingsleiarane i kommunen deltok. Einingsleiarane fekk i oppgåve å vurdere dei to

skjemaa og blei oppmoda om å fylla dei ut og levera dei inn slik at ein kunne få eit bilete av forventingar til dei som dagleg arbeidar med dei ulike tenester som ligg til kommunen sine oppgåver. Responsen var laber, noko som medførte eit dårleg grunnlag for å ta nokre konklusjonar eller trekkja ut nokre særskilte tema eller område som kommunen bør arbeida meir med. Grunngeving for kvifor det var få tilbakemeldingar kan ha å gjera med at det er vanskeleg å forstå kva planstrategiarbeidet går ut på for dei som ikkje arbeidar med desse oppgåvene dagleg og det kan vera utfordringar i å sjå kva funksjon ein planstrategi kan få for det daglege arbeidet ute i det enkelte rammeområdet.

Leiargruppa har òg hatt skjemaa til vurdering. I tillegg har formannskapet som politisk styringsgruppe fått informasjon om arbeidet og kome med førebels tilbakemelding om forventingane til arbeidet. Dei har uttala at arbeidet med planstrategien og kommuneplanen er viktig og at det er naudsynt med ei prioritering av arbeidet. Dei viser vidare til at ein må ha tydelege fokusområde og at ein må «vaska» kommuneplanen og sjå på enkelte føremål i den samanheng. Her bør ein mellom anna sjå på bruken av LNF-område og næringsområde. I denne kommuneplanprosessen vil det vera viktig å våga å peika på satsingsområde og det er viktig å sjå noko nytt i planen.

## **2.4 STRATEGISK PLANVURDERING – UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR**

Planstrategien skal leggja føringane for vidare planarbeid i kommunen og sei noko om dei strategiske vala ein skal gjera i dei nærmaste åra. Likevel er det først i kommuneplanarbeidet som dei konkrete hovud- og delmåla må for samfunnsutviklinga og kommunal organisasjon definerast.

Sveio sine hovudutfordringar dei neste åra vil vera baserte på behovet for utvikling i særskilte sektorar. Mellom anna har kommunen ein stor handelslekkasje og ein stor arbeidspendling ut av kommunen. Slik utvikling med mellom anna mykje personbiltrafikk synast å vera i strid med dei nasjonale forventingane om samordna areal- og transportplanlegging. Løysinga kan vera å arbeida for å leggja til rette for meir nærings- og bustadutvikling i sentrale delar og i nærleiken av der det allereie bur folk, for å sikra eit godt befolkningsgrunnlag som vil bidra til auka interesse for å etablera nye verksemdar i kommunen. Det vil òg vera føremålstenleg i den samanheng å gjennom planlegginga sikra ei sterk sentrumsutvikling som skapar grunnlag for auka aktivitet i kommunen.

Det vil vera føremålstenleg å skaffa seg ein oversikt over utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon for å avklara planbehovet. Kommunen som organisasjon er drøfta over. Her kan ein sjå på nokre konkrete tema for den lokale utviklinga for Sveio som samfunn, som i tillegg kan setjast i samanheng med dei overordna føringane på nasjonalt og regionalt nivå.

Dei nasjonale forventingane viser til at det er eit generelt ønskje om at planprosessar og handsaming skal skje fortare og enklare og at mellom anna private planforslag skal handsamast effektivt. Dette vil vera ein utfordring for kommunane, då det samtidig er venta forsvarleg og god handsaming av alle saker.

## **2.4.1 MILJØ, KLIMA OG ENERGI**

### **Dei nasjonale forventingane:**

Kommunane skal leggja vekt på reduksjon av klimagassutsleppa, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av bærekraftige næringsverksemdar, bustader, infrastruktur og tenester. Det skal takast omsyn til klimaendringane og viktige samfunnsverdiar skal kartleggjast og sikrast gjennom kommunale planar.

### **Utviklingstrekk og hovudutfordringar**

Typisk for Sveio er at det tradisjonelt har vore busetnad langs heile kystlina. Her bur fortsett mange. Dette har resultert i eit spreidd busetnadsmønster, som gjer det utfordrande å leggja til rette for ein samordna planlegging der mellom anna fokus er minska bruk av bil, gode kollektivknutepunkt og kollektivtrafikktilbod og gode felles energiløysingar. Det er òg utfordrande at E 39 og Fv 47 går igjennom kommunen og at desse til stor del brukast for godstransporter og gjennomkøyring.

Transportnettlet medfører store klimautfordringar, men kan òg vera ein moglegheit for kommunen dersom planlegginga legg opp til utbygging langs hovudvegane og ved kollektivknutepunkta, slik at det betrar grunnlaget for kollektivtrafikk og at teknisk infrastruktur kan samordnast. Gjennom konsentrert utbygging kan ein leggja betre til rette for felles energiløysingar.

Kommunen har ikkje mange store arbeidsplasskrevjande næringsverksemdar. Dette medfører at risikoen for forureining frå industri er avgrensa. Samtidig går det ein del godstransportar langs med hovudvegane i kommunen. Fv 47 frå Haugesund til Hauåsryset/E39 har stor del godstransporter. I tillegg til den relativt store arbeidspendlinga og eit stort handelslekkasje til nabokommunane er trafikken med å bidrar til luftforureining og støv- og støyproblematikken.

Det er særst avgrensa tilbod til kollektivtrafikk, noko som gjev ekstra grunnlag for innbyggjarane å pendla med bil. Det meste av bussforbindelsane i kommunen går som skuleskyss eller som ekspressbuss mellom Stavanger og Bergen.

Planlagt ny E 39 mellom Bergen og Stavanger vil mest sannsynleg gjera bu- og arbeidsplassregionen større, noko som vil kunne medføra enno meir trafikk i framtida.

Når det gjeld klimarelaterte utfordringar så har Sveio generelt sett ikkje stor risiko for flaum, ras og skred slik situasjonen er i dag. Med endringar i klimaet så kan dette forandra seg. Elles kan delar av kommunen vera særskilt utsett for stormflo.

### **Kommunen sine oppgåver:**

Betre kollektivtilbod er viktig både av klimaomsyn, men òg for å betre mobiliteten for grupper som ikkje disponerer bil, eller som eit alternativ for dei som ikkje vil bruka bilen. Kommunen drifrar ikkje bussane sjølv og kan difor ikkje påverka kollektivfrekvensen. Kommunen kan likevel påverka indirekte ved ein arealpolitikk som konsentrerer framtidig busetnad om hovudvegane og gjennom å utøve politisk press mot sentrale avgjerdstakarar. Kommunen kan i tillegg vera med å påverka andre aktørar, som hushald, næringsliv og industri til å finna løysingar som fremjar kollektivsatsinga.

Det kommunen kan gjera for å unngå auka bruk av bilar er å leggja til rette for ei samordna utbygging slik at bustader vert liggjande i nærleiken til kollektivknutepunkt og med sentral plassering og nærleik til daglege funksjonar som skule, barnehage, arbeid, butikkar og andre servicefunksjonar.

Kommunen har eit omfattande ansvar i saker som påverkar klimagassutslepp og energibruk og som vert påverka av klimaendringar. Klimaendringar må difor inn som vurderingstema i all planlegging. Gjennom å analysa sårbarheita i kommunen i forhold til klimaendringar og setja i verk tiltak vil ein kunna bidra til å gjere kommunen meir førebudd på framtidens klima. For å sikra at klimaendringane vert teke omsyn til i planlegginga kan ein mellom anna unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred, sikra at det ved planlegging av kystnære område vert teke omsyn til havnivåstigning og stormflo og at planlegging sikrar handtering av overvatn og dimensjonering for avlaup.

#### Utgangspunktet for kommuneplanarbeidet i arbeidet med miljøutfordringane:


- gjennom ein medviten miljøpolitikk oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling
- i samsvar med Energi- og klimaplanen for Sveio arbeida for å redusera kommunen sitt totale energiforbruk og klimagassutslepp i kommunen.
- Kommunen kan leggja til rette for utviklinga av alternativ energi
- arbeida for auka samfunnstryggleik og trafikksikring og ein arealpolitikk som sikrar barn og unge sine interesser
- arbeida for ein arealpolitikk som sikrar eit rikt friluftsliv i kommunen og at det biologiske mangfaldet vert teke vare på
- verna landbruket sine kjerneområde og viktige kulturminne og etablera særskilte omsynssoner for kulturminne i samsvar med kulturminneplan for Sveio
- setja krav om estetisk utforming av bygg
- ta vare på område for vilt
- arbeida for god avfallshandtering, gjennom Sunnhordland interkommunale miljøsekskap
- satsa på miljøretta helsevern

#### **Planbehovet:**

Sveio sin *Energi- og klimaplan 2011-2016* er kommunen sin første energi- og klimaplan og den viser kartlegging/skilddring av dagens situasjon i kommunen. På bakgrunn av denne skilddringa legg planen fram mål og kjem med forslag til tiltak.

Planen sine målområde;

- Lågare energiforbruk
- Fornybar energibruk
- Klimavenleg energiproduksjon
- Lågare klimagassutslepp
- Administrative og organisatoriske mål
- Klimatilpassing



Arbeidet med å følja opp intensjonane i energi- og klimaplanen må førast vidare i kommuneplanarbeidet og det vil etter kvart verta naudsynt å sjå på ein revidering av planen. Basert på planressursane, det komande kommuneplanarbeidet og at planen er relativt ny vert det ikkje lagt opp til revidering av planen i denne perioden. Det inneber ikkje på nokon måte at arbeidet med miljø-, klima- og energispørsmål ikkje skal vera fokusområde i framtidige planar og tiltak. Det medfører at det i kommuneplanarbeidet må leggjast meir vekt på å oppnå gode miljø-, klima- og energiløysingar for å sikra ei berekraftig samfunnsutvikling. Med bakgrunn i at det er lagt opp til at kommuneplanen skal reviderast i perioden vil det likevel vera mogleg å sikra at miljøutfordringane vert tema i framtidig utvikling av kommunen.

## 2.4.2 BUSETNAD OG UTBYGGING

### Dei nasjonale forventingane:

Kommunane skal basera sin planlegging og utvikling på å følgja fastrette regionale utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet. By- og tettstadsområda skal avgrensast mot landbruks-, natur- og friluftsområde. Fokus skal liggja på ein samordna bustads- areal- og transportplanlegging der det vert lagt vekt på fortetting og å finna gode løysingar for å sikra universell utforming og auka bruk av gange, sykkel og kollektivtrafikk.

Det er vidare venta at kommunane skal leggja til rette for god sentrumsutvikling for å skapa gode og levande bymiljø der ein samlar bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplasser.

### Utviklingstrekk og hovudutfordringar

Sveio kommune har eit spreidd busetnadsmønster fordelt over heile kommunen, særskilt i dei sjønære områda. Dette busetnadsmønster er basert på at det historisk sett har vore fleire handelsstader langs heile kysten og at fiske har tent som livsoppehaldet til innbyggjarane. Slik utbygging har resultert i eit stort nettverk av vegar i kommunen og at sveibuen, som bur rundt om i kommunen, i stor grad er avhengig av bil for å koma til arbeidsplasser, skuler, barnehagar, fritidsaktiviteter, service og handel. Grunna relativt liten del av større arbeidsplassar i Sveio er det stor arbeidspendling ut av kommunen.

Utbygginga i Sveio har gjennom målretta planlegging vorte endra over tid og skjer i dag i alt større grad i allereie utbygde område og i mindre grad enn tidlegare i spreidde område. Mykje av befolkningsveksten har kome i og rundt Sveio sentrum og heilt i sør ved kommunegrensa mot Haugesund. Kommunen har i sin kommuneplan ønskje om å forsterka tettstadene og samstundes ta vare på den desentraliserte busetnaden. Utviklinga fram til no har vore i samsvar med denne planen.

#### Utfordringane:

- Spreidd busetnad medfører utfordringar for å sikra god samordna areal- og transportplanlegging
- Spreidd utbygging skapar utfordringar for kommunen til å gje gode tenester overalt i kommunen og legg press på betre beredskap for tryggleiken til innbyggjarane
- Spreidd busetnad legg beslag på mykje landareal og krev meir vegar med tilhøyrande behov for drift og vedlikehald
- Spreidd busetnad medfører krav om fleire offentlege servicefunksjonar fordelt over heile kommunen, som i sin tur medfører store kostnader og ressursbruk
- Spreidd utbygging aukar transportomfanget og avhengigheita av bil og undergraver eit grunnlag for å satsa meir på kollektiv transport og bruk av gange og sykkel. Auka transportomfang medfører meir klimautslipp
- Det er ein relativt lite utbygt senterstruktur i kommunesenteret
- Sveio sentrum er under utvikling men har mykje å gå på for å vera eit sjølvstendig, attraktivt og sterkt kommunesenter i konkurransen med andre senter
- Stor handelslekkasje og arbeidspendling medfører auka transportar

#### **Kommunen sine oppgåver:**

Det vil i utgangspunktet vera vanskeleg og ikkje heller ønskjeleg å flytte dei som i dag bur spreidd i kommunen bort frå dei etablerte bygdene og bustadene. Det er ein av godane ved å bu i Sveio, at ein kan få bu romsleg og landleg. Det skal i den samanheng leggjast vekt på å ikkje fjerna grendene og dei som bur spreidd. I staden må arbeidsinnsatsen for å kunna følgja opp dei nasjonale og regionale føringane for areal- og transportplanlegginga vera å planleggja for at framtidige nye bustader i alt større grad vert lokalisert meir optimalt med tanke på fortetting, minska forureining og samordning.

Kommunen må i den samanheng fortsetja arbeidet med fortetting og tilrettelegging i sentrumsnære område og leggja til rette for ein utvikling som samordnar dei ulike funksjonane. Dette føreset at ein opprettar gode miljø og sikrar viktige samfunnsinteresser som landbruk, biologisk mangfald, tilgang til sjøen mv.

#### Fokusområde i planlegginga:

- Ha fokus på å fastsetja senterstruktur i samsvar med dei regionale planane for sentrumsutvikling. Dette vil vera med å støtta utviklinga av regionsentera i Haugesund og på Stord.
- Gjennom overordna plan leggja til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, trafikksikkert og miljøvenleg transportsystem.
- Leggja til rette for bustadbygging der kollektivtrafikken passerar på veg inn til regionsentera.
- Sikra at bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule, barnehage og offentlege funksjonar vert samlokalisert og plassert i tilknytning til kollektivnettet.
- Utbygginga bør i størst mogleg grad skje som fortetting framfor å ta i bruk område for ny spreidd utbygging. Ledig kapasitet i eksisterande byggeområde bør vurderast opp mot behovet for nye bustader. Arbeidet

med fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal.


- I sentrumsområde skal det leggjast til rette for attraktive gang- og sykkelaksar mellom viktige målpunkt
- Det må takast stilling til kor dei offentlege funksjonane skal lokalisrast for å vera tilgjengelege for flest innbyggjarar og brukarar
- Det må leggjast til rette for utvikling av attraktive senter som fremjar livskvalitet, skapar robust næringsliv og miljøvenleg transport
- Det må vera eit mål å skapa eit kommunesenter som har eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod som er tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Ved sentrumsutvikling: ta utgangspunkt i føringane i *Regional plan for areal og transport på Haugalandet* og *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*
- Leggja til rette for ei vidare utbygging «innanfrå og ut»
- Sikra at tettstadssenter og grendesenter der det bur mange får tilgang til funksjonar som skal sikra dei daglege behova nære heimen, med nærbutikkar, service og fritids- og kulturtilbod, og tilpassa storleiken på tilboda til staden
- Gjennomfør stadanalyser eller moglegheitsanalyser der det er naudsynt som grunnlag for planlegging og utbygging.
- Avgrensa sentrumsutstrekninga slik at det vert lagt opp til avstandar som legg til rette for gange og sykkelbruk. Bruk kommuneplan, kommunedelplan og reguleringsplanar for avgrensinga
- Styrka den lokale sentrumsutviklinga i Sveio for å auka attraksjonen og legg til rette for at fleire verksemder ønskjer etablere seg i sentrum, som i sin tur gjer det meir interessant å busetja seg der. Dette kan medføre at den store handelslekkasjen vert dempa

Det er store utfordringar med å leggja til rette for auka bruk av kollektivtransporter i ein kommune som har relativt få innbyggjarar, som i sin tur i stor grad er fordelt spreitt over heile kommunen. Det er med andre ord avgrensa grunnlag for auka satsing på kollektivtrafikk i kommunen. Ein kan likevel leggja fokus på knutepunkta i kollektivsystemet ved etablering av daglege funksjonar og nye bustadområde. På den måten kan ein leggja grunnlaget for eit meir berekraftig reisemønster og styrka tilgjenge for heile befolkninga, òg dei som ikkje disponerer bil.

#### **Planbehovet:**

For å sikra gjennomføring av dei nasjonale forventningane og vidareføra intensjonane i kommuneplanen må det utarbeidast ein ny sentrumsplan for Sveio sentrum, i tillegg til å sjå kva samla betyding sentrumsutviklinga har for heile kommunen.





Gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum

Gjennom kommuneplanarbeidet kan ein i tillegg sikra at dei beste løysingane for heilskapleg planlegging vert laga og at det vert sett av tilstrekkeleg areal for bustader der det er behov for det. Der det er behov for å sikra busetnad vil det vera viktig å leggja til rette for utbygging.

### 2.4.3 VERDISKAPING OG NÆRINGSUTVIKLING:

#### Dei nasjonale forventingane:

Dei nasjonale forventingane legg opp til ein berekraftig areal- og samfunnsutvikling der klimaspørsmåla, som energiforbruk og klimagassutslepp, vert alt viktigare å ta omsyn til. Samtidig er det forventingar til kommunane om å leggja til rette for næringsutvikling og innovasjon i alle delar av landet. Her vert det òg vist til ønskje om å leggja til rette for sterke næringsklynger for å sikra eit godt samspel mellom by og omland, og for at forskning, utdanning og kompetanse kan bidra til framtidig næringsutvikling.

Primærnæringsane og industrien vert meir effektive og har hatt nedgang i sysselsetjinga, samtidig som næringar i offentleg og privat tenesteyting har auka og verte konsentrerte til byane. Slik ventast det å fortsetja.

Det er uttala at landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetjing og kulturlandskapet. Difor er det eit nasjonalt mål om å leggja til rette for auka verdiskaping knytt til jord- og skogsbruket sine ressursar, mellom anna gjennom satsing på grønt reiseliv, mat med lokal identitet og unytting av bioenergi.

## **Utviklingstrekk og hovudutfordringar**

Sveio kommune har ein offensiv landbruksnæring og akvakultur er ei næring som styrker dei kystnære stadane. Kommunen har òg ei rekkje små og mellomstore verksemdar spreidd i heile kommunen. Ølen Betong er kommunen sin største private arbeidsgjevar. Hovudkonsentrasjonen av næringsverksemd er i nærleiken til Sveio sentrum og Førde (Hanaleite), men på Ekrene næringspark, heilt sør i kommunen har sal av næringstomter auka og fleire verksemdar har etablert seg i området.

Kommuneplanen for Sveio viser fleire næringsområde spreidd i kommunen men det har generelt vore liten aktivitet i desse områda. Sjølv om mangfaldet i kommunen sitt næringsliv er stort og den geografiske plasseringa er relativt spreidd, har kommunen utfordringar knytt til at det er for få arbeidsplassar i forhold til dei som ønskjer å arbeida i kommunen. Mange bur i kommunen og pendlar til Nordsjøen, Haugesundsområdet eller til Stord.

### **Kommunen sine oppgåver:**

Kommunen må fortsetja å leggja til rette for næringsutvikling. Då næringane i kommunen er baserte på små eller mellomstore verksemdar er det viktig å sikra at desse mindre aktivitetane fortsett har moglegheit til å eksistera. Føresetnadene for å overleve er ofte tilgangen til rimelege tomter. Kommunen må difor fortsett leggja til rette for at det er mogleg å etablere seg alle stader i kommunen. Samtidig må lokalisering av næringsaktivitet i større skala sjåast i eit større regionalt perspektiv.

Det er særskilt moglegheit for vidare næringsutvikling av området rundt golfparken i Sveio sentrum, på Hanaleite, ved Haukåskrysset (hovedvegforbindelsen E39/Fv 47) og i Ekrene næringspark. Ei positiv næringsutvikling vil leggja grunnlaget for betre økonomi for kommunen og auka attraktiviteten. Difor er det viktig at kommunen støttar, samordnar og legg til rette for ei god næringsutvikling. Dette skal skje gjennom budsjettløyvingar, ein god arealpolitikk og i samband med private aktørar, og ikkje minst gjennom overordna kommuneplanlegging.

Kommunen kan vera med å bidra til at fylket vert ein innovativ region ved å ha fokus på næringar med særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling. Hordaland fylkeskommune viser til at det er næringar som energi, maritim, marin og reiseliv, i tillegg til landbruk og lokal mat, som er ei viktig distriktsnæring, samt media- og kulturbasert næringsliv. Fylkeskommunen ventar at kommunane har overordna strategiar for næringsutviklingsarbeid, og at desse er blant føringane for arealplanlegginga i kommuneplanen. Behov for næringsareal må òg vurderast. Slike forventingar kan kommunen implementera i sine planar for utvikling.

Når det gjeld næringar i kystsona vil *Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger* vera ein viktig rettleiar i framtida. Der er det sett fokus på berekraftig kystsonenplanlegging, akvakultur, sjøtransport, maritim næring og strandsone. Planen inneheld retningslinjer for berekraftig kystsonenforvaltning og arealplanlegging.

Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utvidingsmoglegheiter. Andre næringsområde med tilgang til sjø bør òg sikrast i kommuneplanen og næringar med behov til direkte tilgang til sjø bør prioriterast.

Kommunen skal:

- gjennom planprosessar tilby gode areal for næringsutvikling og utnytta kommunen sin sentrale plassering på Haugalandet og i Sunnhordland
- utvikla eit god partnerskap for samhandling mellom kommunen og private organisasjonar
- vera nyskapande
- stimulera reiselivsnæringar og satsa på kulturbasert næring
- ha ei målretta reiselivssatsing der Ryvarden, Fartein Valen, Sveio golfpark og landskapet/naturen er hovudattraksjonane. Det skal leggjast til rette for bruk av naturen på ulike måtar

#### **Planbehovet:**

Det vil vera i kommuneplanarbeidet som tilrettelegging for verdiskaping og næringsliv vil skje. Næringsareal bør planleggjast på ein berekraftig måte og på tvers av kommunegrensene. Dette gjeld i hovudsak for dei større næringsverksemda og/eller arbeidskrafttette arbeidsplassane. Dei sysselsettingsintensive næringane, som ofte er kompetansearbeidsplasser, bør liggja i konsentrerte delar av by- og tettstadsstrukturane i regionen for å få ein god samanheng mellom bu- og arbeidsområde. Dei arealkrevjande arbeidsplassane bør etablerast på stader som ligg langs hovudinnfartsårene, og ikkje langt frå regionsentera/knutepunkta. I planlegginga av slike næringsområde bør det leggjast stor vekt på felles løysingar i samsvar med dei regionale planane. Dette for å sikra at slike næringar vert etablerte med riktig lokalisering og med tilrettelegging for ruter for kollektivtrafikk, og nære større bustadkonsentrasjonar. Lokalisering og tilrettelegging for slike næringsareal vert avklara i dei regionale planane.

Dei mindre næringsetableringane, som ikkje er like avhengig av nærleik til meir sentrale bykjerner/byområde, bør avklarast gjennom kommuneplanarbeidet og arbeidet med ny sentrumsplan for Sveio sentrum. Det må takast stilling til kva areal som er eigna til næringsutvikling og at desse har god kommunikasjon til viktige hovudvegar. Det må i tillegg leggjast til rette for etablering av næringar som er avhengig av lokaliseringa. Dette gjeld mellom anna turist- og reiselivsnæringa.

#### **2.4.4 SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR**

##### **Dei nasjonale forventingane:**

Regjeringa viser til at kommunane har ei sentral rolle som utviklingsaktør og planmynde i arbeidet for eit trygt, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn. Veksten i folketallet i byane og tettstadene medfører press på areal og infrastruktur og gjev utfordringar for trafikkavviklinga.

Regjeringa viser til at samtidig som at byar og tettstader veks med folketallet vert dei bygd ut med manglande samordning av transportsystem og bustad-, nærings- og arbeidsplasslokaliseringar. Det må i den samanheng skje ein utvikling mot auka samordning og meir kompakte byar og tettstader og rundt kollektivknutepunkta. Dette vil redusera transportbehovet og styrka grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange.

### **Utviklingstrekk og hovudutfordringar:**

Sveio har to hovudveggar gjennom kommunen som medfører til at trafikkbelastninga vert relativt stor. Det er E 39 frå Tysvær til Bømlafjordtunnelen og Fv 47 frå kommunegrensa mot Haugesund i sør, som òg er fylkesgrense. Det er fleire fylkesveggar i kommunen som treng oppgradering, spesielt med tanke på tilrettelegging for gang- og sykkelveggar.

Dei to tettstadene Sveio og Førde har vorte utvikla over tid utan at det har vorte lagt stor vekt på samordna areal- og transportplanlegging. Av den grunn ligg i dag ikkje Sveio sentrum direkte langs Fv 47. Tilkomst til dei to tettstadene er elles relativt avgrensa. Dei mange grendasenter rundt om i kommunen har alle tilkomst av varierende kvalitet og det er fleire plassar behov for gang- og sykkelveggar og oppgradering og utbetring av vegnettet.

Det kommunale vass- og avlaupsnettet er avgrensa i kommunen og det er behov for å leggja til rette for ein utvikling av systema. Tilgang til vatn og godt nok trykk kan vera utfordringar i planlegginga av nye byggjeområde. I 2011 vart *Vassforsyningsplan for Sveio* godkjent der framtidige mål for vassleidningsnettet er sett. Arbeidet med utbygging av fiber er i gang i kommunen og vil fortsetja vidare. Straumnettet vert utbygd i takt med at tiltak vert etablert omkring i kommunen.

### **Kommunen sine oppgåver:**

Kommunen må ha som målsetting å få infrastrukturen oppgradert og bygt vidare i takt med folketalsveksten. Den kommunale infrastrukturen må utbetrast og kommunen må påverka regionale og nasjonale styresmakter til satsing på infrastruktur i nærområda.

### **Planbehovet:**

I takt med bustad- og næringsutviklinga vil den tekniske infrastrukturen ha ein viktig rolle. Særskilt gjeld det å leggja til rette for å minska utslepp av klimagassar. Samordna areal- og transportplanlegging vil vera eit viktig styringsmiddel for å sikra gode utbyggingsområde der avstanda vert korta ned for å minska personbiltrafikken og godstransportane.

Trafikksikringsplanen for Sveio har vore under revisjon og tek føre seg omtale av vegane i kommunen og kjem med forslag til tiltak. Den vil utgjera eit viktig grunnlag for kommuneplanarbeidet.

Det vil i samband med gjennomføring av tiltak etter vassforsyningsplanen òg verta naudsynt å sjå på ein avlaupsplan i framtida. Sett i samanheng med at det skal utarbeidast ny kommuneplan som vil vise nye framtidige byggjeområde så kan det vera hensiktsmessig å vente med å gjennomføre slik plan det ligg føre ein revidert kommuneplan.

## **2.4.5 HELSE, LIVSKVALITET OG OPPVEKST**

### **Dei nasjonale forventingane:**

Dei nasjonale forventingane legg opp til at kommunane skal sikra trygge og helsefremmande bu- og oppvekstmiljø, som er frie for skadeleg støy og luftforureining. Det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet og tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv. Universell utforming skal leggjast til grunn i planlegginga slik at samfunnet vert tilgjengeleg for alle og nærmiljøet er vurdert som viktig for helse, trivsel og oppvekst.

Det må takast stilling til konsekvensane av befolkningsveksten som i framtida i stor grad kjem gjennom auka innvandring og aldrande befolkning. Regjeringa sitt mål er å skapa eit samfunn som fremjar helse hos heile befolkninga, reduserer sosiale helseforskjellar og som fremmar helsevennlege val.

Gjennom planlegginga kan kommunane leggja til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde, fysisk aktivitet og eit meir helsefremjande miljø.

For å sikra grunnleggjande dugleik hjå barn og unge og sikra at dei oppnår forventa kompetanse er det viktig å sikra god kvalitet i barnehage, barneskule og ungdomsskule. Skulen er òg ein sentral arena for integrering og ein viktig dannelsesarena. Det er sterk samanheng mellom kompetansenivå og næringsutvikling i Hordaland. Ei hovudutfordring er å motverke fråfall i utdanningsløpet.

### **Utviklingstrekk og hovudutfordringar:**

Folkehelseoversikta for Sveio viser at det er nokre område i forhold til folkehelseaspektet som bør prioritertast i kommunen. Arbeidet må skje gjennom politisk og administrativ forankring og det må gjerast avtalar om partnerskap for folkehelse. Ein må sjå på folkehelsesatsinga som ein del av det kommunale utviklingsarbeidet.

#### **Utfordringar:**

- Dårlege resultat i skulen i lese- og reknekonnskapar
- Auka vekst i talet på eldre
- Manglande gang- og sykkelveggar mellom skule, senter og bustadområde og langs dei større trafikkfarlege hovudvegane
- Trafikktryggleik generelt, og på skuleveggar spesielt

### **Kommunen sine oppgåver:**

Kommunen må i alle planprosessar og ved vurdering av enkelttiltak vera bevisst på kva som fremjar god folkehelse og arbeida for at alle skal få så gode levekår som mogleg. Folkehelseperspektivet skal difor vera med som tema i alle planlegging og vurderast i alle enkelttiltak. Førebyggjande tiltak vil vera viktig.

I planlegginga må folkehelseinnsatsen rettast mot mål som handlar om å:

- skapa gode oppvekst- og levekår
- skapa eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, bærekraft og deltaking
- skaffa oversikt over helsetilstanden i kommunen for å avklare kor det er behov for å setja inn krefter for å betre livsvilkåra for folk flest

- sikra at all kommunal planlegging og vurdering av enkelttiltak som kan ha betydning for folks levekår skal skje basert på konkrete vurderingar av verknadene for folkehelsa
- leggja til rette for at så mange som mogleg har tilgang til gode bustadområde og kan delta i utdanning, arbeidsliv og lokale sosiale arenaer
- leggja til rette for universell utforming
- leggja til rette for mindre bilbruk og meir bruk av gange og sykkel
- aktivt bruka trafikksikringsplanen i arealplanlegginga for å auka trafikktryggleika

#### **Planbehovet:**

Folkehelseperspektivet skal inngå i all planlegging og skal såleis ikkje vera ein plan i seg sjølv. Det må difor leggjast til rette for at det er tilstrekkeleg kunnskap om korleis status for folkehelsa er i kommunen og kva faktorar som betrar eller forverrar folkehelsa, før det vert laga planar for utbygging og utvikling.

### **2.4.6 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP**

#### **Dei nasjonale forventingane:**

I samsvar med lovkrava for samfunnstryggleik, skal kommunen gjennomføra heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for å avdekkja kva uønskja hendingar som kan oppstå i ein kommune, og setja i verk risikoreduserande tiltak. Kommunen har òg eit ansvar for å ivareta tryggleiken for innbyggjarane og alle som oppehald seg i kommunen og beskytta samfunnskritisk infrastruktur. Heimelen ligg i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret og Forskrift om kommunal beredskapsplikt, med rettleiar.

#### **Utviklingstrekk og hovudutfordringar:**

Samfunnet går i ein retning der det vert lagt alt meir vekt på spørsmål om risiko og sårbarheit. Grunngevinga er at vi vert meir utsette for fare enn før og fordi vi vert meir bevisst på truslane for innbyggjarane og samfunnet. Valdshandlingar og terror vert meir frekvente og ekstremvêr kjem oftare. Dette er berre nokre av dei faktorar som påverkar innbyggjarane sin tryggleik og som kommunen har stort ansvar for å sikra.

Ei krise rammar som oftast brått og krev snarlege handlingar slik at den oppståtte krisesituasjonen ikkje utviklar seg. Med krisesituasjon meiner ein her ein situasjon der ei uønskja ytre handling trugar eller rammar eit større tal menneske og/eller betydelege materielle verdiar, og der skadeverknadene er, eller kan verta, meir omfattande enn kva det ordinære hjelpeapparatet er forventa å handtera.

Utfordringane i den kommunale beredskapen er å finne ut kva ulike truslar det er og finne gode løysingar på korleis dei kan forhindrast eller avbøtast.

Nokre utfordringar for beredskapsarbeidet i kommunen:

- Kommunen har eit spreidd busetnadsmønster som gjer at det er naudsynt å sikra beredskapen alle plassar i kommunen.
- Det er mange vegar i kommunen med stor og tung trafikk som utgjør ei risiko trafikktryggleiken.

- Det manglar gang- og sykkelveggar på viktige vegstrekningar, som på skuleveggar og langs med dei trafikkbelasta fylkesvegane og E 39.

### **Kommunen sine oppgåver:**

Kommunen sine oppgåver er å kartleggja ønskja hendingar i ein heilskapleg kommunal risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Til det må det utarbeidast relevante beredskapsplanar. Beredskapsplanane skal vera eit verktøy for den kommunale kriseleiinga for korleis ein skal takla ønskja hendingar på best mogleg måte.

Korleis arbeida?

- Ta utgangspunkt i godkjent trafikksikringsplan for Sveio som grunnlag i alle plansaker og ved vurdering av enkelttiltak
- Gjennom kommuneplanlegginga leggja opp til at ein skal arbeida for 0-visjonen om at ingen skal verta drepne eller hardt skadde i trafikken
- Leggja til rette for fleire trygge gang- og sykkelveggar og planlause kryssingar av farlege vegstrekningar
- Setja fokus på leggja til rette rundt skuler og barnehagar
- Auka fortettinga slik at utbygginga skjer så konsentrert opp mot dei viktige samfunnsfunksjonane som mogleg, slik at gange og sykkelbruk vert eit reelt alternativ til bilen. Dette føresett planlause tilkomstar og trygge gang- og sykkelveggar der bilistane og dei mjuke trafikantane vert separerte
- Planleggja for ei utvikling/utbygging som ikkje kjem i konflikt med mogleg risiko for ekstremvêr

### **Planbehovet:**

Kommunen utarbeida under vinteren 2015/2016 ein beredskapsplan for kommunal kriseleiing. Den synleggjer kva utfordringar den kommunale leiinga kan ha ved ein krisesituasjon og legg nokre konkrete føringar for korleis ein kan handtera krisesituasjonar som kan oppstå. I tillegg inneheld planen tiltakskort, varslingslister og kontaktinformasjon/ressursoversikt som kriseleiinga kan trenga in ein krise.

Det vil på sikt vera naudsynt å utarbeida ein meir overordna beredskapsplan for heile kommunen der ein samlar alle dei lokale beredskapsplanane som er i dei ulike sektorane.

Med bakgrunn i at det allereie har vore lagt stor innsats i beredskapsplanen for kriseleiinga og det no vert lagt meir vekt på dei overordna planprosessane som kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum så vil mykje av det overordna beredskapsarbeidet og utfordringane med å sikra innbyggjarane verta innlemma i desse planprosessane i tida framover.



## **2.4.7 NATUR, MILJØ OG LANDSKAP**

### **Dei nasjonale forventingane:**

Kommunane må sikra viktige jordbruksområde og leggja til rette for nye og grøne næringar i tilknytning til jordbruk og skogsbruk, som grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi. Dei gode mineralske førekomstane må òg sikrast

for mogleg utvinning, men dei må vera avvegne opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Areal til akvakultur, trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar skal sikrast i kommuneplanen og avklarast opp mot andre arealinteresser. Kommunane må ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk. Opptak av skjelsand skal vurderast og visast i kommuneplanen der det er relevant.

Hordaland fylkeskommune viser til at kommunane har ansvar for å ivareta landskapet på lokalt og regionalt nivå med særleg vekt på landskap der folk bur og arbeidar og barn veks opp. Det vert vist til at det er eit regionalt mål at Hordaland sitt landskap skal forvaltast i eit langsiktig tidsperspektiv som ei kjelde til identitet og livskvalitet og at det er kommunane som har nøkkelrolla i landskapsforvaltninga gjennom arealplanlegginga.

### **Utviklingstrekk og hovudutfordringar:**

Sveio kommune har store landskaps- og kulturkvalitetar. Kommunen arbeidar for å leggja tilhøva til rette for aktivitet og oppleving. Gjennom dette arbeidet ønskjer kommunen å styrka innbyggjarane si sjølvkjensle og identitet.



Foto: Ida Kristin Vollum

Dei siste åra har det vore lagt ned ressursar i kommunen på å bevare gammal skog og eit tradisjonelt jordbrukslandskap med eit rikt biologisk mangfald.

Kommunen har førekomstar av fleire raudlista artar, som mellom anna stor salamander, kystlynghei og dvergmarinøkkel. Desse er det ei utfordring å sikra og samtidig leggja til rette for vidare utvikling av samfunnet.

### **Kommunen sine oppgåver:**

- Fylkesmannen og fylkeskommunen har utarbeida rettleiaren «Råd om landskap i kommunal planlegging» og landskapet er kartlagt og verdivurdert. Dette er data som kan danna grunnlaget for den kommunale planlegginga. Fylkeskommunen meiner at det er behov for eit sterkare fokus på kommunelandskapet i planstrategiarbeidet.
- Strandsoneverdiene omfattar fleire ulike prioriterte tema i samband med strandsoneplanlegginga. Her må det mellom anna takast omsyn til tilkomst og tilgang til sjøen, natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.
- Byggjeforbodet i strandsona legg klare føringar for korleis kommunane skal vurdere tiltak i strandsona og det er førande for korleis kommunen skal utarbeida dei kommunale og private planane i 100-metersbeltet langs sjøen.
- Det må det takast stilling til framtidig arealbruk gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging og i den samanheng må ein sjå på heile kommunen ved vurdering av tiltak som ligg i område som kan ha betydning for friluftsliv, naturmiljø og strandsoneverdiar.



- Kommunen skal bruka allereie gjennomført kartlegging av funksjonell strandsone ved kommuneplanlegginga og ved utarbeiding og handsaming av reguleringsplanar. Omsynet til dei allmenne interessa skal vega tungt.
- Ved vurdering av strandsona må det takast stilling til forventna endringar i havnivået.
- Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast moglege utslepp av klimagassar

### Planbehovet:

Sveio kommune er med i arbeidet om å utforma ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Dette arbeidet er enno ikkje ferdigstilt, men det vil leggja nokre føringar for korleis strandsona skal takast i bruk i Sunnhordlandsregionen. Det vil likevel vera i kommuneplanarbeidet som dei fleste føringane for strandsoneforvaltninga vil liggja i framtida. Der må ein mellom anna ta stilling til heilskapen for natur, miljø og landskap.

Kommuneplanen må leggja til rette for å sikra dei viktige områda slik at desse ikkje vert bygd ned eller at viktige dyr- og planteartar får endra forhold som gjer det vanskelegare å overleva. Gode og reelle landbruksareal må sikrast som kjerneområde. Samtidig er det viktig å sikra at dei som bur i slike område har gode føresetnader for eit godt liv. Det må gjerast ei klar avveging av kva som skal sikrast og kva areal som kan takast i bruk.

## 2.4.8 KULTURMILJØ OG KULTURMINNE

### Dei nasjonale forventingane:

Kommunane skal identifisera viktige verdiar av mellom anna kulturminne og kulturmiljø og ivareta desse i dei kommunale planane. Det er venta at den tilgjengeleg kunnskapen skal takast aktivt i bruk.



### Utviklingstrekk og hovudutfordringar:

Eit rikt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Kommunen og frivillige lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar. Kommunen si kulturminnesatsing har vore konsentrert om utviklinga av fyrtårna Ryvarden, Sveio golfpark, Fartein Valen-arbeidet og Kyrkjegarden ved havet (kolerakyrkjegarden). Desse er sentrale i kommunen sin profilering utad.

Det har vore gjennomført omfattande registreringar av kulturminne og kulturmiljø i kommunen i dei siste åra, noko som har resultert i ein kommunedelplan for kulturminne. Denne viser kva kulturminne og kulturmiljø som er verneverdige og kva status dei har.

Sunnhordland museum og fylkeskonservatoren har vore nytta som faglege rådgjevarar, men det praktiske vernearbeidet vert hovudsakleg gjennomført av

private, ofte med støtte frå landbruksmidlar gjennom SMIL-ordninga.

Utfordringane ligg i risiko for nedbygging av viktige kulturmiljø og fjerning av verneverdige kulturminne.

#### **Kommunen sine oppgåver:**

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ikkje-fornybare ressursar og unike kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunn og for verdiskaping. Det er kommunane sin oppgåve å identifisera, verdsetja og forvalta verneverdige kulturminne.



Einstadbøvoll Gard. Foto Ida Kristin Vollum

I samfunnsutviklinga må ein ta utgangspunkt i ny kommunedelplan for kulturminne. Dette gjeld mellom anna ved vurdering av arealføremål i kommuneplan og reguleringsplanar. Ein må bruka kulturminneplanen ved konsekvensutgreiing i plansamanheng.

Kommunen må oppretthalda kunnskapen om dei viktige og verneverdige kulturminna og -miljøa. Kommunedelplanen for kulturminne for Sveio må aktivt brukast for å sjå kvar enkelt del samla og for å sikra at viktige minne ikkje vert bygd ned eller øydelagde for framtida.

#### **Planbehovet:**

Med bakgrunn i at det nyleg er godkjent kommunedelplan for kulturminne for Sveio så vil det ikkje vera eit direkte behov for ny plan eller revidering. Det vil likevel vera viktig å ajourhalda planen og oppdatera den som grunnlag for framtidige revisjonar.

### **2.4.9 KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV**

#### **Dei nasjonale forventingane:**

Hordaland fylkeskommune viser til at kultur skal vera ein grunnleggjande premis for samfunnsutviklinga i fylket. Hensikta er at heile fylket skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv og kunna ta del i og oppleve tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar. Kultursatsinga skal fremja utvikling og livsfremjande aktivitetar hjå det enkelte mennesket, i samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på og utvikle verdiar og ressursar.

#### **Utviklingstrekk og hovudutfordringar:**

Eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Kommunen og frivillige lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar.

Barn og unge får gjennom kulturskulen, ungdomsrådet, biblioteket og den kulturelle skulesekken eit breitt kulturtilbod. I tillegg vert frivillige lag og organisasjonar, med tilbod til denne gruppa, prioritert i støtteordningane. Kommunen si satsing på kultur er til viss grad styrt av overordna føringar og pålegg men arbeidet står i stor grad på

lokale prioriteringar.

Med det natur- og kulturlandskap som Sveio har, så har kommunen rike moglegheiter



Emberlandsnipen. Foto Ellen Tveit

for friluftsliv. Det er i tillegg tilrettelagt for organiserte fritidsaktivitetar rundt om i kommunen. Det vert stadig bygd nye anlegg for idrett og friluftsliv med støtte frå spelemidlar, i samsvar med plan for idrett og friluftsliv. Mellom anna har sentralidrettsanlegget i Sveio sentrum stadig vorte bygd ut, i tillegg til at det er mindre idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i krinsane.

Kommunen står innfor fleire utfordringar når det gjeld å oppretthalda tilbodet for kultur, idrett og friluftsliv. Mellom anna krev søknad om spelemidlar til eit anlegg at dette inngår i vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Dersom slik plan har gått ut på dato må anlegget takast inn i ny plan for at søknad om midlar skal godkjennast.

Vidare vert det frå 2018 stilt krav om gjennomført kartlegging og verdisetting av lokale friluftsområde for å kunne søkja om statleg medverknad til sikring av friluftsområde.

### **Kommunen sine oppgåver:**

Generelt sett bør ein sjå på korleis det kan leggjast til rette for eit kultur- og idrettstilbod i kommunen som kan vera med å fremja gode levkår og folkehelse. Det bør gjerast i eit overordna perspektiv for å sikre ein heilskapleg løysing.

Utfordringane for kommunen vil mellom anna liggja i å oppretthalda dei kulturfyrtårna ein allereie har i form av mellom anna Ryvarden fyr, Valenheimen og golfbanen og ein bør sjå på moglegheiter for å bruka desse enno meir for å fremja kulturtilbodet i kommunen. Det ligg ein klar potensiale for å utnytta kulturfyrtårna meir. Særskilt rundt Valestrand og Fartein Valen sin heim er det meir potensiale for å vidareutvikla konseptet rundt den kjente komponisten.

I samband med planlegginga av temaparken Vikingland vil ein kunna leggja til rette for ein omfattande regional og nasjonal satsing på turisme og reiseliv. I planlegginga må ein difor sjå på parkområdet og dess omland i eit større perspektiv der fleire arealføremål må vurderast.

Kommunen bør ta utgangspunkt i regionale og lokale planar innan kultur- og idrettsområdet ved framtidig arealplanlegging og leggja til rette for tilbod som opnar for at alle kan delta. Ein må senka terskelen for deltaking gjennom å leggja til rette for friluftsliv i form av aktivitetsskapande byrom, parkar, grøntområde, turvegar, friluftsområde, merking og gradering av turløyper og informasjon.

Det må leggjast til rette for trygge skoleveggar som bidrar til å auka kvardagsaktiviteten og ein må til ein kvar tid sikra at planar som omfattar idrett og fysisk aktivitet er gyldige for å kunna søkja om spelemidlar til dei anlegga som visast i planen.

#### **Planbehovet:**

Det vil vera naudsynt å gjennomføra revisjonsarbeid på dei planar som går ut på dato. Dersom det er mindre revisjonar vil slik arbeid kunna gjerast med bruk av ordinære ressursar, utan at det vert teke i bruk store planmidlar.

## **2.5 STRATEGISKE VAL**

Målsettinga i framtidig utviklingsarbeid i kommunen må vera å sikra visjonen om «Vilje til vekst, ein god stad å bu» Dette kan gjerast gjennom å arbeida med nokre konkrete strategiske føresetnader. Dei strategiske vala kommunen vel å ta for framtidig utvikling skal samsvara med dei nasjonale forventingane og dei regionale planane, samtidig som ein skal oppnå ønskja utvikling. Strategiane bør òg vera så konkrete at dei har ein meining når ein skal gjennomføra planprosessar og godkjenna tiltak. Det vil vera lite føremålstenleg å leggja fram strategiske val som ikkje seier noko spesifikt om dei forventingane kommunen har for samfunnsutviklinga. Det må heller ikkje vera rom for ulike tolkingar eller ulik forståing av kva resultat strategiane skal gje. Generelle, uspesifiserte føringar for planlegginga kan i mange tilfelle skapa meir utklarheiter enn oppklaringar og då kan sluttresultatet verta misslykka.

For å oppnå visjonen om «Vilje til vekst, ein god stad å bu» må ein oppfylle nokre konkrete mål på vegen dit. Dette kan omfatta å leggja til rette for meir næringsverksemd, fleire bustader og sikra alle tilgang til sjøen. Vurdering av slike tiltak må gjerast med omsyn til eit meir heilskapleg perspektiv og med tankane om å samordna funksjonar i større grad enn tidlegare.

Med oppgåva kjem òg utfordringa med å finna rett lokalisering til rett føremål. Kommunen må mellom anna i planlegginga av næringsareal sjå på kva næringsverksemd ein skal leggja til rette for og lokalisera den der den høyrer heime. Det vil vera naturleg å sjå at landbruket må liggja der det finns landbruksareal, og handel og servicefunksjonar bør liggja i senterstrukturen der alle har tilgang. Areal for turisme og reiseliv må lokaliseras der opplevingane er. Det vil òg vera føremålstenleg å leggja sjøretta næring på areal med tilgang til sjøen. Samtidig bør næringsverksemd som er avhengig av transportar lokaliseras med god tilkomst til hovudvegnettet. Ein viktig faktor for vurdering av næringsareal vil med andre ord vera tilkomst og tilgjenge.

Ønskjer ein å stimulera til fortsatt god folketalsutvikling må ein sjå på kva lokalisering dei nye bustadområda skal ha. Dei skal vera attraktive, men samtidig må ein sikra at dei vert plasserte med fokus på samordning med andre funksjonar i samfunnet. Her må ein mellom anna sjå på avstand til sentrumsfunksjonar og til skular som har kapasitet til fleire elevar. Ein må sikra trygge skuleveggar, avklara om det er fullgod teknisk infrastruktur i området, og om det er tilgang til kollektivtrafikk slik at dei som ikkje har eller ikkje ønskjer å bruka bil likevel kan bu i området.

Dersom ein ikkje tek omsyn til fleire ulike faktorar i valet av lokalisering kan kommunen koma til å betala ein dyr pris i framtida. Lite gjennomtenkt lokalisering av nye byggjefelt kan medføra etterfølgjande krav til tilrettelegging som ein ikkje har venta seg. Slike krav kan medføra store kostnader for kommunen i framtida. Det gjeld mellom anna krav til nye gang- og sykkelveggar, skuleskyss, utviding av barnehagar og skular når desse vert overfylte, forventningar til utbygging av teknisk infrastruktur, lange avstand til heimetenester mv. Dersom desse faktorane ikkje vert vurderte i planleggingsfasen vil dei koma som overraskande utfordringar og tilleggskostnader for kommunen i framtida. Dette vil vera faktorar som ein ikkje har vurdert i budsjettet og som det i utgangspunktet ikkje er sett av midlar til.

Andre faktorar som ikkje kjem til å kosta kommunen noko særleg i budsjettsamanheng, men som likevel kan få store konsekvensar er nedbygginga av dei «godane» kommunen har i form av friluftsområde, strandsoner og grønstruktur mv. Det er verdiar som ikkje har ein prislapp men der nedbygging vil vera irreversibelt. Omsynet til allmenne interesser og verknader for samfunn og miljø er viktige å ta med i vurderinga når ein ønskjer å leggja til rette for ny utbygging. Dette er verdiar som er med på å gjera Sveio til ein god stad å bu. Forsvinn desse verdiar vil òg mykje av Sveio sin attraksjon forsvinna.

Å ha tilgang til naturen og gjera tilkomst til sjøen mogleg er viktige faktorar som er med på å sikra gode levekår i Sveio. I drøftinga om kva areal som skal sikrast og kva areal som kan takast i bruk må ein ta omsyn til planlegging og utbygging på ein berekraftig måte, slik at ikkje dei store og viktige verdiane vert viska vekk i dei nye overordna planane. Ein må sikra at tiltak skjer med omsyn til omgjevnadene, med aktsemd og med respekt for dei allmenne interessene, samfunnet og miljø. Dette kan mellom anna gjerast i strandsona gjennom å sikra gode friluftsområde og badeplassar og leggja til rette for tilkomst til sjøen og samtidig fortetta allereie utbygd strandsoner framfor å ta nye og urørte område i bruk. Målet må vera å sikra tilgang til strandsona for alle i heile kommunen.



Foto: Ida Kristin Vollum

I det framtidige Sveio vil mange ulike utbyggingsføremål og interesser verta vurderte i den overordna planlegginga, men nokre konkrete strategiske val bør likevel takast som grunnlag for planarbeidet;

### Strategiske val for 2016-2019

- skapa arbeidsplassar med rett lokalisering
- stimulera til bustadutbygging med fokus på prinsippa om samordna arealplanlegging.
- styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane
- sikra gode og trygge trafikkforhold
- sikra gode bumiljø med tilgang til daglege funksjonar
- samarbeida med nabokommunar, og vera med å støtta Haugesund og Leirvik som regionsenter
- Vidareutvikla god tenesteyting til innbyggjarane
- styrka skulen i forhold til kunnskap i lesing og rekning
- sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv
- på ein god måte utnytta potensialet det er å vera ein kystkommune.
- vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen.

#### 2.5.1 Vurdering av planbehovet 2016-2019

Sveio har ein heilskapleg kommuneplan og to kommunedelplanar, ein for kvar tettstad, Sveio og Førde. Gjeldande reguleringsplanar i Sveio pr. 01.07.2016 er vist i vedlegg 2. I tillegg har kommunen fleire temavise planar som ikkje er handsama etter plan- og bygningslova.

Talet på planarbeid som skal prioriterast i denne perioden må liggja på eit realistisk nivå i forhold til dei ressursar kommunen har tilgjengeleg. Kommunen må ikkje leggja eit for stort ambisjonsnivå for gjennomføring av planar, slik at oppgåvene ikkje vert ferdigstilte i tide.

Basert på dei ulike tema skildra over i dei nasjonale forventingane og vurderinga av planbehovet så er konklusjonen at det meste kan avklarast gjennom revisjon av gjeldande kommuneplan for Sveio. Kommuneplanen vil ha fleire tema og meir tydelege føringar for framtidig utvikling som i stor grad dekker dei fleste funksjonar og tenester kommunen har ansvar for overfor innbyggjarane og overordna mynde. Det er på høg tid å sjå over dei overordna føringane for arealforvaltning og målsettingar framfor å leggja opp til mange nye planprosessar. Gjennom å leggja ressursane i kommuneplanarbeidet vil ein i staden avdekka det reelle behovet for fleire planarbeid i framtida.

## **2.6 FORSLAG TIL PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER 2016-2019**

Det er fem planoppgåver som utmerker seg i gjeldende planstrategiperiode. Det er planar som vil ha stor betydning for utviklinga til Sveio og som vil vera med på å sikra fortsett utvikling i kommunen.

### **2.6.1 Detaljregulering for Sveiåsen III:**

Sveio kommune har areal i Sveio sentrum som enno ikkje er teke i bruk. Området aust for Sveiåsen II og vest for Leitevegen eignar seg for utvikling av nye kommunale tomter. Ein ny plan her vil kunna leggja opp til eit 20-tal nye bustadtomter og moglegvis areal for ny kommunal barnehage.

### **2.6.2 Detaljregulering for Håvåsen III:**

Håvåsen ligg nordaust i Sveio sentrum, i nærleiken av golfbanen og eksisterande bustadfelt Sveiåsen. Området er allereie delvis utbygd med einebustader og småhusvære. Ei vidare utbygging av området vil opna for fleire bustader i gangavstand til skule, handel og servicefunksjonar og kollektivtrafikk (lokal og regional).

### **2.6.3 Områderegulering for Ekrene Vest:**

Ekrene/Rophus/Vikseområdet har vore i stor vekst dei siste 10-15 åra. Grunngeving for dette er at det ligg langs hovudvegen, Fv 47, som går direkte til regionsenteret Haugesund. Avstanden til Haugesund er kort og området har gjeve tilgang til relativt billige tomter. For arbeidspendlarar er reisetida på om lag 10 minutt til Flotmyr. Området ligg nært til sjøen og i rolige omgjevnader og gjev innbyggjarane store kvalitative verdiar.

Ein vidare utbygging av Ekreneområdet vil vera ei fortsetting på den nærings- og bustadutvikling som allereie er i gang. Fortsett utbygging av området vil vera med på å sikra eit tilstrekkeleg befolkningsgrunnlag og tilstrekkeleg aktivitet i området som kan vera med på å leggja grunnlaget for naudsynt lokal nærbutikk og nærservice.

### **2.6.4 Områderegulering for Vikingland**

Planarbeidet for temaparken Vikingland er i startfasen. Ei utbygging av ein slik fornøylespark vil vera med å setja Sveio på kartet som reiselivsmål. Målsettinga er å utarbeida ein områderegulering som skal leggja føringane for korleis parken skal utformast og lokalisrast og korleis tilkomsten til området skal vera. Område-reguleringa vil vera viktig for å få avklara framtidig arealbruk og skal liggja til grunn for dei detaljreguleringar for området som vil koma i framtida.

Det vil vera Sveio kommune sin oppgåve å utarbeida områdereguleringa, i samarbeid med Vikinglandprosjektet og dette arbeidet vil leggja føringar for vidare planar og utbygging.

### **2.6.5 Kommunedelplan for Sveio sentrum:**


Gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum er ikkje tilstrekkeleg progressiv i forhold til behovet for utvikling og utbygging. Det er behov for tilrettelegging for auka

næringsaktivitet og fleire bustader for å sikra at kommunesenteret har tilstrekkeleg grunnlag for å kunna gje eit tilfredsstillande tilbod til dagleg handel og service-funksjonar. Handelslekkasjen og arbeidspendinga ut av kommunen er unaturleg stor, og denne trenden bør brytast for å sikra at Sveio sentrum kan stå på egne bein og gje ei tilbod ein kan venta av eit kommunesenter. Minska handelslekkasje og arbeidspending vil minska bilbruken som i sin tur vil vera i samsvar med nasjonale forventingar og regionale og føringar.

### 2.6.6 Kommuneplanen:

Revisjon av kommuneplanen vil medføre at ein tar føre seg eit meir heilskapleg bilete av kommunen. Det inneber at ein ser på mange ulike tema og sett dei i ein større samanheng.

Det vil vera behov for å sjå på meir konkrete og detaljerte føringar for arealbruken og forventa utvikling i kommunen når ein utarbeidar ny kommuneplan. Dette vil vera i samsvar med dei nasjonale forventingane om å gjera planprosessar og handsaming av tiltak enklare og raskare.



Planarbeidet må sjåast i samanheng med planstrategien. Det vil i kommuneplan-arbeidet vera aktuelt og relevant å omtala dei, i planstrategien, nemnde utviklings-trekka innanfor satsingsområda og ta lærdom av erfaringane med korleis gjeldande kommuneplan og planstrategi har fungert.



## **3 DEL 3: PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2019-2031**

### **3.1 GENERELT**

Plan- og bygningslova § 11-5 viser til at kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen (kommuneplanen sin arealdel) som skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Her skal hovudtrekka i arealdisponeringa med rammar for nye tiltak og ny arealbruk avklarast og det skal visast kva ulike viktige omsyn som må takast vare på ved disponering av areala.

Kommuneplanen er sett saman av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen vil ta føre seg meir strategiske val, målsettingar og visjonar og omtala kva ein ønskjer for samfunnsutviklinga i kommunen. Arealdelen skal omfatta plankart, føresegner, retningslinjer og planomtale, i tillegg til konsekvensutgreiing med ROS-analyse og diverse vedlegg.

Plan- og bygningslova stiller òg krav til kommunane om å utarbeida planprogram i forkant av eit kommuneplanarbeid, jf, pbl § 4-1. Planprogrammet er i første hand ein omtale av kva prosessar som kommunen legg opp til og kva tema kommunen ønskjer å løfta fram i arbeidet med kommuneplanen. Desse tema bør vera baserte på dei strategiske val som planstrategien legg opp til. Det skal i tillegg leggjast fram oversikt over utgreiingsbehovet og ein framdriftsplan for å sikra at gjennomføring ikkje tek for lang tid og at det må ventast at det vil medføre bruk av ressursar i ein periode.

Utgangspunktet for planprogrammet er status, konklusjon av utfordringar og strategiar som visast i del 1 og 2. Grunnlaget for planprogrammet er såleis allereie lagt i dei to første delane.

#### **3.1.1 Behovet for ny kommuneplan**

Gjeldande kommuneplan vart godkjent i oktober 2011. Då hadde kommunen arbeida med planforslaget i nokre år og ein hadde vore igjennom ein omstillingsprosess der ny plan- og bygningslov trådde i kraft. Det har etter den tid kome ytterlegare justeringar av lovverket, nye krav til omsyn (folkehelse, naturmangfald m.v) og nye nasjonale forventingar. Samtidig har det vore arbeida med nokre viktige regionale planar der Sveio kommune inngår. Dette har resultert i eit behov for å sjå over gjeldande kommuneplan og tilpassa planen etter dei føresetnader vi har i dag.

#### **3.1.2 Organisering**

I samband med vedtak om å starta opp med planstrategiarbeidet fatta kommunestyret, etter tilråding frå administrasjonen, òg vedtak om at det samtidig skulle utarbeidast planprogram for ny kommuneplanen. Dermed vart òg kommuneplanarbeidet sett i gong.

Rådmannen har fått mandat til å oppretta administrativ arbeidsgruppe for arbeidet. Formannskapet skal vera politisk styringsgruppe. I tillegg er dei tre hovudutvala politiske referansegrupper, der Hovudutval Teknisk/Næring vil ha ein særskild

funksjon i forhold til arealdelen til kommuneplanen. Rådmannen sin leiargruppe vert administrativ styringsgruppe.

Når planstrategiarbeidet vert sendt ut til orientering til offentleg mynde og publikum vert det samtidig varsla oppstart for kommuneplanen, og planprogrammet vert sendt til offentleg ettersyn. Når ein har kome så langt i prosessen vil det vera naturleg å sjå på vidare organisering av planarbeidet. Utgangspunktet vil vera dei styrings- og arbeidsgrupper som oppretta i samband med starten på planstrategiarbeidet. Det vil likevel vera naudsynt å vurdere å oppretta fleire arbeidsgrupper i samband med at ein skal gjennomføra kommuneplanprosessen vidare.

### **3.1.3 Avgrensing**

Kommuneplanen sitt planområde vert avgrensa i forhold til den geografiske avgrensinga av kommunen. Dei to kommunedelplanane for Sveio sentrum (sentrumsplanen) og Førde vert ikkje del av planarbeidet då dei er eigne overordna planar med kommuneplanstatus. Gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum er vurdert utdatert og difor er det allereie starta opp arbeidet med ny kommunedelplan der. Arbeidet med kommuneplanen og ny sentrumsplan vil difor skje parallelt.

Å gjennomføra parallelle planprosessar for kommuneplanen og sentrumsplanen vil kunna medføre ulemper og fordelar. Utfordringa vil vera å gjennomføra to så omfattande planarbeid samtidig, noko som vil vera særskild ressurskrevjande og kan medføre at planprosessane vert lange. Likevel kan ein vurdere det slik at planprosessen for sentrumsplanen vil avlasta arbeidet med kommuneplanen.

Arbeidet med sentrumsplanen vil minske behovet for avklaringar for sentrumsutvikling og senterstruktur i kommuneplanarbeidet då fokuset på sentrumsutviklinga vil skje direkte i kommunedelplanen for Sveio og ikkje i kommuneplanen. Gjennom å sjå på dei to planprosessane parallelt vil kommunen ha eit godt arbeidsgrunnlag og verktøy for planlegginga, samtidig som ein ser det heile frå eit meir overordna og heilskapleg perspektiv. Slik løysing vil likevel ikkje innebera at ikkje sentrumsutvikling vil vera eit tema i sjølve kommuneplanarbeidet. Det er av stor betydning for kommunen sin utvikling generelt at ein legg til rette for god utvikling av kommunesenteret og dette område vil ha stor betydning for god samordna areal- og transportplanlegging for heile kommunen.

Utgangspunktet for planarbeidet skal vera kommunen sitt motto og tankar rundt visjonen «*Vilje til vekst – ein god stad å bu*». Dette vil vera ein vidareføring frå gjeldande visjon i kommuneplanen tidlegare visjon og dette vil leggja grunnen for heile kommuneplanprosessen, men i størst grad for samfunnsdelen.

### **3.1.4 Framdriftsplan**

Lovverket seier at den kommunale planstrategien skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret handsamar forslaget. Då dette dokumentet inneheld forslag til planprogram for kommuneplanen så må prosessen følgja krava til offentliggjerung og offentleg ettersyn på lik line som for andre planprogram, jf pbl §4-1. Dette dokumentet (med så vel planstrategi som planprogram) vert difor sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker samtidig som det vert varsla oppstart av

kommuneplanarbeidet.

### Forslag til framdriftsplan:

TIDSPERIODE	AKTIVITET	KOMMENTAR
12. september 2016	Forslag til planstrategi og planprogram for kommuneplanen vert lagt ut på høyring/offentleg ettersyn	Møte i formannskapet
12. desember 2016	Kommunestyret vedtar planstrategien med planprogrammet for kommuneplanen	Møte i kommunestyret
Hausten 2016 – våren 2018	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vurdering av innspel</li><li>• Folkemøte</li><li>• Invitera viktige interessegrupper</li></ul> Synfaringar, konsekvensutgreiing, planforum	Politisk styringsgruppe følger opp administrasjonen sitt arbeid
Våren 2018 – vinteren 2018/ 2019	Utarbeiding av planleveranse med plankart, føresegner, Ros-analyse, planomtale, dialogmøte m.v	Administrasjonen arbeidar
Våren 2019	Førstegangshandsaming	Møte i formannskapet
Sommaren 2019	Ev. justeringar og dialogmøte	Politisk styringsgruppe følgjer opp
Hausten 2019	Andregangshandsaming – vedtak av planen	Kommunestyret

#### 3.1.5 Medverknad

Det er ønskeleg å skapa engasjement hjå innbyggjarar, interessegrupper, lag og organisasjonar og andre interesserte. Det er òg naudsynt å koma i kontakt med dei som har innspel og merknader til planarbeidet, for å sikra at planen vil ha ein reell funksjon i framtida. Kommunen vil difor leggja til rette for medverknad i planprosessen.

I planprosessen vert det lagt opp til fleire møter med interessegrupper, lag, foreiningar og organisasjonar som ønskjer å møta kommunen og koma med sine innspel og kommentarar og for å stilla spørsmål. Dette vert organisert med kvar enkelt interessegruppe. I tillegg vil det haldast folkemøte for å orientera om planprosessen. Det kan i tillegg vera aktuelt å vurdere å etablere diverse interne og eksterne arbeidsgrupper som kan koma med innspel til prosjektet.

Det vil vera viktig å koma i kontakt med eksisterande og framtidige næringsaktørar

for å få til dialog om kva behov desse har for næringsareal. Det vil òg vera viktig å få kontakt med dei grunneigarane som har godt eigna areal og som kan vidareutviklast til ulike utbyggingsføremål eller som bør vernast frå utbygging.

Andre viktige samarbeidspartar vil vera alle dei interne ressurspersonar som har ansvarsområde som vert påverka av det innhald kommuneplanen kjem til å få. Dette gjeld mellom anna helse- og omsorgssektoren, kulturavdelinga og skule og barnehagar. I tillegg vil dei offentlege styresmaktene vera viktige støttespelarar og samarbeidspartar i planprosessen.

I heile planprosessen vil prosjektleiar vera tilgjengeleg for dei som ønskjer stilla spørsmål til planarbeidet eller som vil koma med innspel/merknader.

Planprosessen vil elles følgja lovpålagte krav om annonsering og varsling. Mellom anna vert det ved varsel om oppstart av planarbeid, lagt ut annonse i dei to lokale avisene Haugesunds Avis og Vestavind. I tillegg vert oppstartsvarsel lagt ut på kommunen si heimeside og saka vert sendt til offentlege uttaleinstansar og interessegrupper).

## **3.2 KOMMUNEPLANARBEIDET**

Gjeldande kommuneplan er i utgangspunktet allereie eit godt reiskap for vidare planlegging i kommunen og den vil utgjera grunnlaget for planarbeidet. Det vil likevel vera behov for å sjå over nokre konkrete tema og arealføremål som treng oppdatering og tilrettelegging. Det vil med andre ord vera naudsynt med større eller mindre justeringar i planen for å kunna realisera intensjonane bak dei strategiske vala i den nye planstrategien.

Med utgangspunkt i den framtidige samfunnsdelen, som i sin tur bygger på planstrategien og planprogrammet, skal arealdelen vise hovudtrekka i arealdisponeringa og setje rammer og føringar for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk i planperioden, samt kva viktige omsyn som må sikrast ved disponering av areala.

I samsvar med dei strategiske vala vist i planstrategidelen (del 2) og føringane i samfunnsdelen kan ein konkludera med kva tema og arealføremål som vil vera mest fokus på i utforminga av arealdelen til kommuneplanen. Det gjerast merksam at det i planprosessen vert gjennomført vurderingar av alle arealføremål, men at ikkje alle kjem fram av dei prioriterte hovudtema under.

### **3.2.1 Prioriterte hovudtema for kommuneplanen**

Ei sentral utfordring ved utarbeiding av kommuneplanen vil vera å auka detaljgraden der det er føremålstenleg for å unngå framtidige unødvendige plankrav der plan ikkje vil ha reell betyding. Dette kan mellom anna gjelda ved deling av eigedom der eigedomen allereie er utbygd i samsvar med arealføremålet. Det kan òg vera aktuelt å leggja inn føresegner i arealdelen som opnar for mindre og kurante tiltak utan plankrav.

Med utgangspunkt i dei strategiske vala som er viste i planstrategidelen er det vurdert kva hovudtema som skal prioriterast ved revideringa av kommuneplanen. Under visast dei tema som kommunen i planprosessen skal leggja mest vekt på.

#### Hovudtema:

- Samfunns- og næringsutvikling.
  - Fokus vil vera på generell nærings- og bustadutvikling og difor vil samarbeid med private nærings- og utbyggingsaktørar vegast tungt.
  - Strategiske val frå planstrategien:
    - Å skapa arbeidsplassar med rett lokalisering
    - Å stimulera til bustadbygging med fokus på prinsippa om samordna arealplanlegging
    - Samarbeida med nabokommunar
- Sentrumsutvikling
  - Arbeid med sentrumsplanen vil sikra god senterstruktur
  - Strategiske val frå planstrategien:
    - Å styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane
- Samferdsle
  - Strategiske val frå planstrategien:
    - Å sikra gode og trygge trafikkforhold
- Gode levekår
  - Strategiske val frå planstrategien:
    - Å sikra gode bumiljø med trygg tilkomst til daglege funksjonar
    - Å vidareutvikla den gode tenesteytinga til innbyggjarane
    - Å styrka skulen i forhold til kunnskap i lesing og rekning
    - Å sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv
- Strandsoneplanlegging
  - Med strandsoneplanlegging meiner ein her så vel planlegging av
  - Strategiske val frå planstrategien:
    - På ein god måte utnytta potensialet der er å vera ein kystkommune
- Utvikling av reiseliv og turisme
  - Strategiske val frå planstrategien:
    - Å vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen

### **3.2.2 Samfunnsdelen**

Strategisk samfunnsdel gjev visjon, satsingsområde og delmål for utviklinga i kommunen. Denne delen er ikkje juridisk bindande, men meir førande for kva retning kommunen skal arbeida mot for å oppnå ønskja mål.

Samfunnsdelen vil drøfta korleis kommunen skal gå til verks for å sikra at dei ulike

hovudtema vert teke omsyn til i den kommunale utviklinga. Mange mål kan oppfyllest gjennom å visast som eit arealføremål i arealdelen (plankartet). Men alle tema, mål og forventingar kan ikkje oppfyllest slik. Det overordna målsettingane i samfunnsdelen kan òg følgjast opp med handlingsplanar som legg føringar for korleis ein skal oppfylla måla.

### **3.2.3 Arealdelen**

Med utgangspunkt i samfunnsdelen, som i sin tur bygger på planprogrammet, skal arealdelen visa hovudtrekka i arealdisponeringa og setja rammer og føresetnader for nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponeringa av areala.

Arealføremåla til kommuneplanen er gjevne etter plan- og bygningslova. Det kan likevel leggjast underføremål til desse for å spesifisera kva ein ønskjer med arealdisponeringa. Desse er òg nasjonalt spesifiserte. For eksempel kan ein leggja inn byggjeområde for bustader som underføremål til hovudføremålet Bygningar og anlegg (jf. pbl § 11-7, nr. 1).

#### Plankart og føresegner

Byggjeområder er områder kor det er, eller vert planlagd, utbygging med differensiert arealbruk. Arealbruken går fram av kommuneplankartet. Byggjeområda omfattar areal til mellom anna heilårsbustadar, fritidsbustader, næringsverksemd, offentlege føremål, småbåthamnar, naust og turist- og fritidsføremål. Plankartet viser så vel noverande byggjeområder som framtidige.

Til plankartet kan ein leggja juridisk bindande føresegner som utfyller det som visast i plankartet.

#### Retningslinjer

Til plankartet og føresegnene kan det i tillegg leggjast inn retningslinjer for korleis ein skal handsama søknader og tiltak. Desse er berre rettleiande og har ikkje juridisk verknad.

#### Omsynssoner

Omsynssonene som vert viste i plankartet har som regel til hensikt å sikra viktige interesser for samfunn og miljø. Gjennom å tidleg setja ramane for kor dei mest verneverdige areala fins, vert vurderingane av nye byggjeområde lettare og ein unngår på eit tidleg stadium openbare konfliktområde. Eksempel på tema for omsynssoner er natur, kultur, friluftsliv, landbruk og restriksjonar av ulik karakter (nedslagsfelt til drikkevasskjelde eller høgspenteleidningar).

#### Konsekvensutgreiing

Ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel skal ein ta utgangspunkt i Plan- og bygningslova si § 4-2 andre ledd, om krav til konsekvensutgreiing. Her er det vist til at kommuneplanen sine verknader for miljø og samfunn skal utgreiast. Det er i hovudsak berre dei delane av planen som fastsett ramane for framtidig utbygging og som medfører endringar i forhold til gjeldande plan som vert omfatta av utgreiingskravet.

Utgreiingane vert baserte på eksisterande kunnskap og fagleg skjønn og vert gjennomført etter eit på førehand avklara utgreiingsskjema. Rettleiar T-1493 *Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel* vil vera førande for konsekvensutgreiingsarbeidet.

Sjølve konsekvensutgreiinga for kommuneplanarbeidet vil ta utgangspunkt i ein oppdatert versjon av eit skjema for vurdering av konsekvensar som kommunen utarbeida til den førre kommuneplanrevisjonen. Arbeidsmetoden for å gjennomføra konsekvensutgreiinga vil vera den same, med synfaring, gjennomgang av skjemaet og avklaring i forhold til ulike registreingar og kartleggingar. Dette i tillegg til vurdering etter lokal kunnskap og skjønn. Før KU-skjemaet vert teke i bruk skal det gjerast vurdering av om det er behov for å justera skjemaet for å gjera tilpassing til dagens behov for utgreiing og krav, t.d. beredskap og samfunnstryggleik og folkehelse m.v.

Skjemaet er basert på ei verdivurdering der dei tema som skal vurderast vert delte mellom dei faktorar som påverkar miljø og de som påverkar samfunn og samfunnsinteresser.

Alle tiltak som skal utgreiast i kommuneplanarbeidet vert stilt opp mot eit 0-alternativ som tek utgangspunkt i dagens situasjon. 0-alternativet vil vera referansen, slik at eit tiltak vert vurdert i forhold til kva som ville skje med eit område om det ikkje vert lagt ut som byggjeområde.

Synfaring vil vera eit viktig verktøy for konsekvensutgreiinga, saman med vurdering av registreringar og kartleggingar på så vel regionalt som lokalt nivå. Synfaringa klargjer kor ein ev. formålsgrensa bør gå. For alle planlagde nye byggjeformål gjennomførast synfaring.

#### ROS-analyse

Plan- og bygningslova § 3-1 viser at planlegginga skal "*fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.*" Det er ei kommunal oppgåve å syta for at risiko- og sårbarheitsanalysar vert gjennomførte for planområdet. Kravet til ROS-analyse for arealdelen i kommuneplanen inneber å kartleggja risikotilhøve for ny arealbruk.

Det vert utarbeidd ei ROS-analyse for kvart nytt formål/område der risiko- og sårbarheit for liv og helse, miljø og økonomiske konsekvensar vert vurdert. Forhold som vert vurdert her er mellom anna brann/beredskap, havstiging, skredfare, m.v.

### **3.3 AREALBRUK OG UTGREIINGSBEHOV**

I kommuneplanarbeidet skal det takast stilling til kva arealføremål som skal inn i planen, korleis desse skal visast og kor dei skal liggja. Det vil vera viktig å sikra at desse vert lokaliserte der dei er mest eigna, at dei er i samsvar med lov, nasjonale forventingar og regionale føringar og at dei ikkje kjem i konflikt med allmenne interesser for samfunn og miljø. For å sikra at ikkje allmenne interesser vert negativt påverka må ein omtala utbyggingsføremåla og gjennomføra diverse konsekvensutgreiingar. Desse utgreiingane vil i mange tilfelle basera seg eksisterande kunnskap men i nokre tilfelle vil det vera behov for å søka ny kunnskap.

Nokre konkrete område som **vil få mykje fokus i kommuneplanen og som særskilt skal utgreiast i planarbeidet vert nemnde under. Det gjerast merksam at planprogrammet berre er rettleiande for planprosessen og at det ved behov kan vera naudsynt å gjera endringar i forhold til utgreiingane, for å tilpassa seg situasjonen. I tillegg vil dei forholda som er regulerte etter lov verta følgt opp i utgreiingsarbeidet. Uansett vil det vera naudsynt at kommunen vurderer potensielle konsekvensar for heile det planområdet som kan vera aktuell for ny utbygging. Dette vil vera særskilt viktig i område som kan vera utsett for fare, som ras, flaum og skred mv. I slike område kan det vera aktuelt å vurderer omsynssoner i kommuneplanen.**

### **3.3.1 Næringsutvikling**

Målsettinga vil vera å ha ein offensiv næringsutvikling. I den samanheng vil det vera behov for å sjå over lokalisering og utbreiing av næringsareala som i dag ligg i arealdelen. Det må avklarast om det er korrekt lokalisering på dei som allereie ligg i gjeldande plan og om der er behov for å flytte nokre område eller leggja til fleire.

### **3.3.2 Bustadbygging**

Kommunen har hatt ein god folketalsvekst dei siste åra og dette må følgjast opp i planlegginga gjennom å vurderer dei område som ligg som byggjeområde i gjeldande plan for å avklara om kommunen har dekkja behovet allereie eller om det er behov for fleir område. Det må i vurderinga takast stilling til om det er område som bør relokalisert. Fokus vil vera på tettstadsetablering og utbygging som fortetting og utviding av eksisterande bustadområde.

Med bakgrunn i at kommunen har eit så spreidd busetnadsmønster må det i tillegg vurderast korleis ein skal halda liv i alle dei bygder som ligg fordelt i heile kommunen. Det må takast stilling til korleis ein med kommuneplanen sin hjelp kan leggja til rette for livskraftige bygder og samtidig følgja opp dei nasjonale og regionale krava om meir samordna areal- og transportplanlegging.

Planlegging av ny kommunedelplan for Sveio sentrum vil ha stor betydning for folketalsveksten, saman med vidareutvikling av Ekreneområdet. Desse to områda er allereie i planleggingsfasen og krav til kva som skal konsekvensutgreiast der er allereie teke stilling til gjennom planprogram.

### **3.3.3 Sentrumsutvikling og senterstruktur**

Utviklinga av Sveio sentrum har vore stor dei siste åra og det har kome til nye næringsverksemdar som har ønskje om å etablere seg i kommunen. Denne utviklinga må følgjast opp i kommuneplanarbeidet, samtidig som arbeidet med kommunedelplanen for Sveio sentrum vil ha den viktigaste rolla for senterstrukturen i kommunen.

Ei styrking av Sveio sentrum vil bidra til at handelslekkasjen, arbeidspendlinga og biltransportane ut av kommunen minskar. Ei god sentrumsutvikling vil òg bidra til at handels- og servicetilbodet til innbyggjarane i kommunen vert styrka.

Samtidig som at det skjer ein naturleg utvikling av Sveio sentrum vil ein framtidig



temapark, Vikingland, kunna få stor betydning for korleis sentrum vil sjå ut i framtida. Ein park som frå starten av vil kunna generera opp mot 300 000 besøkande, og 1 mill. i framtida, vil medføre store verknader for sentrumsutviklinga. Utfordringa vil vera å finna ut korleis kommunen kan halda tempoet oppe for å følgja den venta utviklinga. Dette må vera eit viktig tema å belysa i så vel arbeidet med kommuneplanen som med sentrumsplanen.

### **3.3.4 Samferdsle og infrastruktur**

Lokalisering av ny arealbruk i kommunen må vurderast i forhold til korleis framtidig ny kyststamveg (E39) mellom Bergen og Stavanger vil gå. Vegen kan opna for nye tiltak og samtidig hindra andre. Her kan det i tillegg vera føremålstenleg å sjå på annan kommunal infrastruktur og framføring av vatn og avlaup, som kan opna for nye utbyggingsområde.

Trafikksikring vil vera viktig og ny trafikksikringsplan vil ha betydning for planlegging for eit godt og trygt vegnett i kommunen. Trafikksikringsplanen viser kva område som treng utbetring. Dette må implementerast i kommuneplanen.

### **3.3.5 Grønstruktur, kulturminne og friluftsliv**

Sveio kommune har mange gode og godt eigna areal til friluftsliv. Desse må takast vare på og kanskje vidareutviklast som friluftsområde. Kommunen bør innleiingsvis i planprosessen utgreia kva område som er mest verneverdige som grøntområde og for friluftsliv før ein gjennomfører utgreiingar for areal for utbygging. Slike område bør visast som omsynssoner i kommuneplanen for på best mogleg måte sikra dei frå utbygging.

Når det gjeld kulturminne og kulturmiljø skal ein i planarbeidet ta utgangspunkt i gjeldande kulturminneplan for Sveio og eksisterande kartleggingar av kulturminne og kulturmiljø.

### **3.3.6 Strandsona**

Sveio kommune har over ein rekke år vore med i utforminga av ein interkommunal strandsonerplan som skal leggja føringane for framtidig bruk av strandsona. Planarbeidet er enno ikkje ferdig, men etter vedtak vil den ha betydning for kommunen sin arealbruk i strandsona.

Det har vore gjennomført ein kartlegging av «funksjonell strandsoner» for Sveio som viser kva strandsonerareal som står i innbyrdes, direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Denne sona kan vera både breiare og smalare enn 100-metersbeltet langs sjøen. Denne kartlegginga vil vera viktig i vurderinga av framtidig arealbruk i strandsona. Det vil i tillegg vera viktig å utgreia kva område som må vernast for allmenn interesse og kva område som kan takast ut bruk utan å få negative verknader for samfunn og miljø. I den samanheng må det takast stilling til kva arealføremål ein skal opna for i strandsona og på kva måte.

Ved planlegging i 100-metersbeltet langs sjøen skal ein sjå på dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona. Allereie gjennomført vurdering av funksjonell strandsoner vil òg ha betydning for strandsonerplanlegginga.

### 3.3.7 Andre tema som skal konsekvensutgreiast

Dei tema som er nemnde over er konkrete utgreiingstema som skal takast særskilt omsyn til i kommuneplanlegginga. I tillegg vil det koma fleire andre utgreiingstema som må vera del av konsekvensutgreiinga for kvar enkelt nytt arealføremål som vert lagt inn i kommuneplanen. Til dette er det utarbeida ein mal for gjennomføring av konsekvensutgreiing av kvar enkelt nytt arealføremål som skal vurderast i kommuneplanen. Den vil saman med synfaringar, ROS-analyse og vurdering av eksisterande kunnskap/erfaring utgjera grunnlaget for avgjerd om kva nye arealføremål som kan leggjast inn i kommuneplanen. Under visast eksempel på tema som vil vera aktuelle å vurdere:

MILJØ	SAMFUNN
<b>Naturverdiar og biologisk mangfald</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Viktige naturområder</li><li>- Viktige viltområder</li><li>- Sikring av jordressursar</li></ul>	<b>Infrastruktur</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Transportbehov</li><li>- Vegforhold/avkøyrsløse</li><li>- Gang- og sykkelvegnett</li><li>- Trafikktryggleik</li><li>- Vatn og avløp</li><li>- Energibehov/krav</li></ul>
<b>Kulturminner og kulturmiljø</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Automatisk freda</li><li>- SEFRAK</li><li>- Andre kulturminner</li></ul>	
<b>Landskap</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kulturlandskap</li><li>- Bygningsmiljø</li><li>- Naturmiljø</li><li>- Ras-, skred- og erosjonsfare</li><li>- Fare for flaum</li></ul>	<b>Oppvekst- og levevilkår, ureining og folkehelse</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Støy</li><li>- Utslepp til luft</li><li>- Jord og vatn</li><li>- Skuleveg/skulerute</li><li>- Avstand til sentrumsfunksjonar</li><li>- Leikeområde for barn og unge</li><li>- Aktivitetsareal</li><li>- Barnehage- og skulekapasitet</li><li>- Nærleik til andre byggjeområder/formål</li><li>- Kriminalitetsførebygging</li><li>- Næringsliv og sysselsetjing</li><li>- Samfunnstryggleik</li><li>- Kommunale tenester og annan infrastruktur</li></ul>
<b>Strandsone og vassdrag</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- funksjonell strandsone = tilgjengeleg, ikkje-privatisert areal og typisk kystlandskap</li></ul>	
<b>Friluftsliv og rekreasjon</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Tilkomst</li><li>- Naturlege leikeareal</li></ul>	

Dei viktigaste metodane for undersøking og konsekvensutgreiing i samband med vurdering av nye område for nye arealføremål vil vera å finna fram eksisterande kartleggingar, å synfara områda og å bruka eksisterande kunnskap.

Eksempel på kor ein kan finna viktig informasjon til kommuneplanarbeidet:

- Naturbasen (kart.naturbase.no); arter av nasjonal forvaltningsinteresse og utvalte naturtypar, inngrepsfrie naturområde, friluftsområde
- Artskartet (artkart.artsdatabanken.no); raudlista og sårbare artar
- Gardskart (skogoglandskap.no); dyrka, dyrkbar mark og skogsareal fordelt på eigedomar
- Kilden (skogoglandskap.no); markslag, helling, grunnforhold, erosjonsrisiko, jordkvalitet
- NVE (nve.no); flaum skred, faresoner, aktsemdskart mv.
- NGU (ngu.no); lausmassekart
- Askeladden (askeladden.ra.no); automatisk freda kulturminne mv.
- Kart i vest (kart.ivest.no); SEFRAK, landskapstypar, mv.
- Statistikk (statistikk.ivest.no); befolkning, næring, samferdsle, bustad mv.
- NIBIO, gardskart og kilden (skogoglandskap.no) markslagskart, vegetasjon, helling, erosjonsrisiko mv.

Ved vurdering av konsekvensar for ein kommuneplan skal ein ta utgangspunkt i krava etter lovverket og føringane i mellom anna Forskrift om konsekvensutredningar. Vedlegg I i KU-forskrifta viser til dei planar som alltid skal konsekvensutgreiast, og her kjem kommuneplanarbeidet inn. For å sikra at alle viktige forhold vert vurderte kan ein ta utgangspunkt i vedlegg III som har til hensikt å avklare dei forhold som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Her vert det vist til viktige naturområde, kulturminne/kulturmiljø, utvalte eller trua naturtypar, friluftsløvslov, verdifulle landskap, landbruk, forureining, utslepp av klimagassar, fare for ras, skred, kvikkleire og flaum mv.

I planarbeidet vert det elles lagt vekt på andre lovverk og retningslinjer for konsekvensutgreiingsarbeidet, som inneber at ein må ta særskilte omsyn. Her visast det til mellom anna naturmangfaldlova, folkehelselova og ikkje minst krav om gjennomføring av ROS-analyser. Det er viktig i vurderinga av nye utbyggingsområde å avdekka område med risiko for mellom anna skred, ras eller erosjon, slik at ein unngår å leggja slike område ut til utbyggingsområde. Slike område kan gjerne visast med omsynssone.

Kommunen kjem til å ta utgangspunkt i den kommunale folkehelseoversikta og leggja vekt på gode oppvekstmiljø i planlegginga. Folkehelselova legg til grunn at all planlegging skal omfattast av vurderingar for folkehelse. Det skal såleis ikkje vera ein eigen plan for å følgje opp forventingar om å skapa gode bomiljø og gode levekår. I samband med det lovpålagte ROS-analysearbeidet må det takast stilling til om gjeldande akseptkriterier fortsett skal gjelda. DSB sin temarettleiar, *Samfunnssikkerhet i arealplanlegging* kan i tillegg til krav i TEK 10 takast i bruk som rettleiar for ROS-arbeidet i samband med utarbeiding av ny kommuneplan.



## 4 VEDLEGG

### VEDLEGG 1

Oversikt over **nokre** viktige nasjonale, regionale og lokale føringar som vil vera med å leggja grunnlaget for planstrategien og kommuneplanprosessen (**lista er ikkje utfyllande og i sjølve planarbeidet vil kommunen òg søkja kunnskap i andre lovverk, forskrifter, rundskriv, stortingsmeldingar, planar og rettleiarar**):

#### Statlege føringar:

- Plan- og bygningslova av 27.06.2008
- **Jordlova av 12.05.1995**
- Kulturminnelova av 06.08.1978
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- **Folkehelselova**
- **Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven, 19.12.2014**
- **Byggteknisk forskrift (TEK 10, særskilt kap. 7**
- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging, Rundskriv T 5/93
- **Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona**
- **Samfunnssikkerhet i arealplanlegging, DSB sin temarettleiar**
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2012
- Flaum og skredfare i arealplanar, NVE retningsline 2/2011
- St. melding nr 7 (2008-2009) Et nyskapende og bærekraftig Norge
- St. melding nr 13 (2012-2013) Distrikts- og regionalmeldinga *Ta heile Noreg i bruk.*
- Barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- **Planlegging av fritidsbebyggelse, rettleiar T-1450 (2005)**

#### Regionale føringar:

- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil den vert avløyst av nye regionale planar)  
*Fylkesdelplanen sett ulike mål for heile fylket si utvikling, med satsing på verdiskaping*
- Fylkesdelplan for Sunnhordland  
*Viser at med kyststamvegen og Trekantsambandet vert sentrale delar av regionen knytt til eit overordna vegsystem, som gjer området betre rusta for framtidig næringsutvikling og til å utvikle ein større felles arbeids- og bustadmarknad.*
- Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel (2014)
- Regional plan for areal og transport for Haugalandet 2016-
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan 2013-2017  
*Viser kva strategiar som er særskilt prioriterte for å møte dei viktigaste utfordringane næringslivet står overfor i fylket.*

- Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle – 2014-2025
- Regional klimaplan 2014-2030
- **Regional kulturplan 2015-2025**
- **Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode leveår for alle**
- Kommuneplanlegging i Hordaland 2008-2009
- Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland
- Landskapskartlegging av Hordaland fylke 2009

#### Kommunale planar:

- Kommuneplan for Sveio 2011-2023  
*Samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen gjev føringar for så vel dei politiske visjonane som dei arealmessige avklaringane.*
- Kommunal planstrategi for Sveio 2012-2015
- Kommunedelplan for Sveio sentrum
- **Kommunedelplan for Førde**
- Dei vedtekne reguleringsplanane som ligg i planområdet
- Energi- og Klimaplan for Sveio
- Strategisk næringsplan
- Trafikksikringsplan for Sveio 2009 - 2012
- Kommunedelplan for kulturminne (under utarbeiding)

#### Anna:

- ***Hydrological projects for floods in Norway under a future climate, Lawerence og Hisdal 2011, NVE-rapport 2-2011***
- ***Klimaprofil for Hordaland***
- ***Kollektivstrategi for Hordaland, rettleiar for Skyss sine prioriteringar***

## VEDLEGG 2

### KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR SVEIO KOMMUNE I PERIODEN 2016-2019

#### GJELDANDE OVERORDNA PLANAR I SVEIO KOMMUNE

(unnateke reguleringsplanar etter plan- og bygningslova og lokale beredskapsplanar)

PLANBEHOVET	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Overordna planar</b>									
<b>Eksisterande planar</b>									
Økonomiplan 2016-2019	x	x	x	x	x	x	x	x	x
HMS handlingsplan	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023	x				x				x
Beredskapsplan for kommunal kriseleiing 2016- Arleg ajourhald	x				x				
Energi- og klimaplan for Sveio kommune 2011-2015					x				
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Sveio kommune 2012-					x				
<b>Nye planar</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Overordna beredskapsplan samlande oversikt over alle lokale beredskaps-planar i kommunen					x				
<b>Plan- og næring</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterande planar</b>									
Kommunedelplan for Sveio sentrum Starta opp planarbeid i 2016	x								
Kommunedelplan for Førde									
Sveio næringsplan 2014-2018				x					

Ca 113 reguleringsplanar og utbyggingsplanar Ikkje planlagd revidert men kan likevel bli aktuelt i samband med kommuneplanarbeidet. Sjå vedlegg 3									
	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Nye planar</b>									
Områdeplan for Ekrene Vest Planarbeid er varsla oppstart i mai 2016.	<b>x</b>								
Områdeplan Vikingland Planarbeid er varsla	<b>x</b>								
<b>Drift- og anlegg</b>									
	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterande planar</b>									
Trafikksikringsplan for Sveio 2009-2012 Ny plan lagt ut på høyring 2016					<b>x</b>				<b>x</b>
Hovudplan Vassforsyning for Sveio 2011-2023									
<b>Planlagde planar</b>									
Reguleringsplan for Sveiåsen 3 Er varsla oppstart	<b>x</b>								
Reguleringsplan Håvåsen 3			<b>x</b>						
Hovudplan Avløp for Sveio					<b>x</b>				
Vedlikehaldsstrategi		<b>x</b>							
<b>Helse og omsorg</b>									
	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterande planar</b>									
Overordna plan for helse og omsorg i Sveio – 2015-2019			<b>x</b>						
Ruspolitisk handlingsplan for 2016-2019 Revisjon startar opp 2018 og vedtakast vår 2019			<b>x</b>						
Opplæringsplan for tilsette i helse og omsorg – Sveio 2016-2018 Årleg revisjon – foretas administrativt saman med verneombod og tillitsvalde		<b>x</b>	<b>x</b>	<b>x</b>	<b>x</b>	<b>x</b>	<b>x</b>	<b>x</b>	<b>x</b>



	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Plan for sosial og helsemessig beredskap (2014).	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Smittevernplan med pandemiplan Vedteke 2014	x	x	x	x	x	x	x	x	x
SLT-plan 2016-2019			x						
Plan for mottak, busetting og integrering av flyktningar i Sveio – 2016-2019			x						
<b>Planlagde planar</b>									
Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2016-2019			x						
<b>Skule og barnehage</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterande planar</b>									
Kvalitetsutviklingsplan plan for skule og barnehage 2016-2020 Er under revisjon					x				
Barnehagebruksplan Er under utarbeiding					x				
<b>Planlagde planar</b>									
Skulebruksplan		x							
<b>Kultur</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterande planar</b>									
Kulturplan (2011).		x							
Delplan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2014	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027				x					
<b>IKT</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterande planar</b>									
IKT strategiplan 2014-2017			x						

<b>OSK</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterende planar</b>									
Arkivplan for Sveio kommune					X				
<b>Interkommunale planar</b>									
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Eksisterende planar</b>									
Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2009-2013									
<b>Planlagde planar</b>									
Interkommunal strandsonerplan Er under utarbeiding									
Geodataplan for Hordaland (i regi av Kartverket) Ajourhald av eksisterande plan for geodata som vert organisert fylkesvis/interkommunalt	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Dokumentasjon av organisering og dimensjonering av brannvesenet (interkommunalt samarbeid, «ROS» for brannvesenet)		X				X			

**VEDLEGG 3:**

Oversikt over alle gjeldende reguleringsplanar i Sveio kommune pr. 01.07.2016

Plan-ID	Plannamn	Ikraft	Merknad
1973001	Bustadfelt Fjellstad - gnr. 40	09.02.1973	Bustader - utbygt
1973002	Bustadfelt Tabor Nedre - gnr. 121	04.12.1973	Bustader - utbygt
1973003	Bustadfelt Valevåg Hageby - gnr. 8 og 9	04.12.1973	Bustader - utbygt
1975001	Bustadfelt Tabor Øvre - gnr. 121	07.05.1975	Bustader - utbygt
1975002	Bustadfelt Gramshaug/Treshaugane - gnr. 4 og 5	12.05.1975	Bustader - utbygt
1977001	Hyttefelt Haukås - gnr. 96	30.06.1977	Disposisjonsplan
1977002	Hyttefelt Brattestø - utgår	09.11.1977	Avløyst av spreg.plan
1978001	Industriområde Sveiåsen I m/ endring 04.05.83	20.12.1978	Industri
1979001	Bustadfelt Stølen m/ endring 16.12.96 - gnr. 36	09.02.1979	Bustadfelt
1979002	Hyttefelt Eidsvåg - gnr. 3, bnr. 5	16.05.1979	Strandplan hyttefelt
1979003	Bustader del av - gnr. 40, bnr. 8	16.06.1979	Utbygt
1979004	Industriområde Hanaleite m/ endr. 27.01.84	28.06.1979	Industri
1979005	Bustadfelt Hjartåsen - gnr. 121	25.07.1979	Bustadfelt
1980001	Friområde Selsåsvika - gnr. 110	30.12.1980	Friområde
1981001	Kai i Buavåg - ny plan 06.02.2006 - utgår	10.07.1981	Erstattast av 1999002
1982001	Hyttefelt Buavåg - ny plan 96.02.2006 - utgår	28.06.1982	Erstatta av 2006001 etter endring
1982002	Industriområde Sveiåsen II - gnr. 40	04.10.1982	Industri
1982003	Bustadfelt del av - gnr. 40, bnr. 2 - utgår		
1983001?	Utgår		
1983002	Bustadfelt Tørresplassen m/ endr. 09.05.2000	07.06.1983	Bustadfelt

1984001	Bustadfelt Solheim - gnr. 119, bnr. 1 og 2	26.04.1984	Bustadfelt - utbygt
1984002	Bustadfelt Sveiåsen - gnr. 40	26.04.1984	Bustadfelt - utbygt
1984003	Hyttefelt Tjernagel - gnr. 48, bnr. 16	24.05.1984	Bustadfelt - utbygt
1985001	Utgår - ny plan 12.02.1990 - utgår		
1986001	Bustadfelt del av - gnr. 40, bnr. 9	19.02.1986	Bustadfelt
1986002	Del av Mølstrevåg - gnr. 61	19.02.1986	Industri
1986003	Melkeneset del av - gnr. 40, bnr. 6 m.fl.	19.02.1986	
1988001	Hyttefelt Åsbu - utgår, ny plan 20.04.2001 - utgår		
1988002	Hyttefelt Espenes - utgår, ny plan 08.10.2007 - utgår		
1990001	Hyttefelt Brattestø - endra - gnr. 114, bnr. 1 og 4	12.02.1990	Hyttefelt
1990002	Naustområde Brattestø - gnr. 114	02.04.1990	Naustområde
1994001	Trekantsambandet	07.11.1994	Veg E 39
1994002	Sveiåsen bustadfelt - gnr. 40	07.11.1994	
1995001	Førde sentrum - eldrebustader - gnr. 121	06.02.1995	Eldrebustader
1996001	Hyttefelt Litlanes - gnr. 3, bnr. 2	16.12.1996	Hyttefelt
1997001	Båthamn - gnr. 121, bnr. 9	22.09.1997	
1997002	Bustadområde - gnr. 40, bnr. 7	08.12.1997	
1998001	Tveit - gnr. 104, bnr. 12	28.09.1998	Hyttetomt
1998002	Hyttefelt Eidsvåg (Nordre Buvika) - gnr. 3, bnr. 1	26.10.1998	Hyttefelt
1998003	Hyttefelt Økland - gnr. 36, bnr. 17	26.10.1998	Hyttefelt - utbygt
1998004	Golfbane byggesteg 1 - gnr. 40, fl. bnr.	07.12.1998	
1999001	Hytter Vestvik - gnr. 31, bnr. 32	15.02.1999	Hytte/rorbuer - utbygt
1999002	Bua - gnr. 52, bnr. 57 - småhus	27.09.1999	Avløyser nr. 15
1999003	Bustadfelt Pederstunet - gnr. 40	01.11.1999	Bustader - utbygt
2000001	Naustområde - gnr. 83, bnr. 86	31.01.2000	Naustområde

2000002	Valen - gnr. 9, bnr. 2	20.05.2000	
2000003	Vikse - gnr. 69, bnr. 36 - utgår	18.09.2000	Erstatta av 2010002 etter endring
2000004	Hyttefelt Tveit - gnr. 104, bnr. 6	05.06.2000	
2000005	Hyttefelt Eidsvåg - gnr. 3, bnr. 5 - utgår	23.10.2000	Erstatta av 2010001 etter endring
2000006	Førde sentrum - bustader gnr. 121, bnr. 14	04.09.2000	Bustader - 5 tomter
2000007	Bustadfelt - gnr. 40, bnr. 10	23.10.2000	
2001001	Bustader del av - gnr. 40, bnr. 9	29.01.2001	
2001002	Sveio sentrum	26.02.2001	Erstatta av kommunedelplan 2010003
2001003	Økland - gnr. 36, bnr. 23 - hytter	26.02.2001	
2001004	Hyttefelt - gnr. 82, bnr. 14 m.fl.	26.02.2001	
2001005	Hytter - gnr. 82, bnr. 46	20.08.2001	
2001006	Bustadfelt Gramshaug - gnr. 4, bnr. 3	17.09.2001	
2001007	Hytter - gnr. 82, bnr. 33	17.09.2001	
2001008	Fagerland - gnr. 30, bnr. 2 og 3	17.12.2001	
2001009	Rophus (Paradis) - gnr. 72, bnr. 4	17.12.2001	
2001010	Kvalvåg - gnr. 82, bnr. 31 - hytter	17.12.2001	Erstatta av 2011001
2002001	Våga - gnr. 83, bnr. 75 m.fl.	04.12.2002	
2002002	Hytter Røyknes - gnr. 111, bnr. 1	09.12.2002	
2002003	Hytter Tjernagel - gnr. 49 og 50	09.12.2002	
2002004	Hytter og rorbuer Eidsvåg - gnr. 3, bnr. 19	09.12.2002	Erstatta av 2012006 (2005004)
2002005	Liereid hyttefelt - gnr. 29	09.12.2002	Erstatta av 2010005
2003001	Bustader del av - gnr. 40, bnr. 8	31.03.2003	
2003002	Steinbrot Einstabøvoll - gnr. 7, bnr. 1 og 4	05.05.2003	
2003003	Hyttefelt Sletto - gnr. 56, bnr. 17	05.05.2003	
2004001	Åsbu - gnr. 47, bnr. 12 hytter - endring	19.01.2004	Reguleringsendring

2004002	Sveiåsen bustadfelt	09.02.2004	Reguleringsendring 3 tomter
2004003	Valevåg gnr. 8, bnr. 16 m.fl.	29.03.2004	
2004004	Buavåg - gnr. 52, bnr. 37 - (bustad/rorbu)	29.02.2004	
2004005	Lauvnes bustadfelt - gnr. 119	21.06.2004	
2004006	Bustadfelt Ropus - gnr. 72, bnr. 4	01.11.2004	
2004007	Kvalvåg - gnr. 82, bnr. 15	13.12.2004	
2005001	Kvalvåg - gnr. 82, bnr. 141 - hytter	09.05.2005	
2005002	Hytter Flatnes - gnr. 122, bnr.2	09.05.2005	
2005003	Vestvik - gnr. 32, bnr. 7 m.fl.	19.09.2005	
2005004	Eidvåg - gnr. 3, bnr. 19 - hytter	19.09.2005	Erstatta av 2012006
2005005	Hytter/rorbuer - gnr. 4, bnr. 15	07.11.2005	
2005006	Våga - gnr. 83, bnr. 105 - bustader	07.11.2005	
2005007	Sveio - gnr. 93 - golfbane byggesteg 2	07.11.2005	
2005008	Flatnes - gnr. 122, bnr. 3 - hytter	12.12.2005	
2006001	Bua hyttefelt - gnr. 52, bnr. 2	06.02.2006	Endring, erstattar 1982001
2006002	Lyngstadtunet - gnr. 40, bnr. 68	06.03.2006	
2006003	Kvalvåg - gnr. 82, bnr. 54 og 198	19.06.2006	
2006004	Kvalvåg - gnr. 82, bnr. 8 - hytter	19.06.2006	Erstatta av 2012007 (2010004)
2006005	Erve - gnr. 107, bnr. 3 - hytter	18.09.2006	
2006006	Sveio - gnr. 40, bnr. 106	06.11.2006	
2006007	Rophus bustader B13 - gnr. 72, bnr. 4	13.11.2006	
2006008	Valevåg - gnr. 9, bnr. 1 m.fl.	18.12.2006	
2006009	Kjekse - gnr. 7, bnr. 4	18.12.2006	Erstatta av 2013002
2006010	Ropus bustad - gnr. 72, bnr. 2 og 10 - utviding	18.12.2006	
2007001	Hyttefelt golfbanen - gnr. 41, bnr. 52 - utgår	22.01.2007	Erstatta av 2009002

2007002	Ekrene aust - bustadfelt - gnr. 72, bnr. 1	26.03.2007	Erstatta av 2013001
2007003	Våga - gnr. 83, bnr. 2 - bustader	07.05.2007	Erstatta av 2010006
2007004	Kvalvågnes - gnr. 82, bnr. 35 og 195	18.06.2007	
2007005	Vikjo - gnr. 29, bnr. 1 - naustplan	19.06.2007	
2007006	Espenes - gnr. 116, bnr. 1 - hyttefelt	08.10.2007	
2007007	Viksefjorden Brygge - gnr. 72, bnr. 1	08.10.2007	
2007008	Sveiåsen nord - gnr. 40	17.12.2007	
2007009	Valevåg Båtservice - gnr. 10, bnr. 39 og 48	17.12.2007	
2007010	Kommunedelplan for Førde	03.12.2007	
2008001	Fjon - gnr. 80, bnr. 3	11.02.2008	Fiskeoppdrett
2008002	Ekrene - gnr. 72, bnr. 66	05.05.2008	Ekrene næringspark
2008003	Hansabakken - gnr. 40, bnr. 8 - utgår	05.05.2008	Ersatta av 2009003
2008004	Ropus - gnr. 72, bnr. 160	20.10.2008	Konsentrert utbygging
2008005	Førde - gnr. 121, bnr. 3 - bustader	03.11.2008	Utviding Tabor Øvre
2008006	Golfbanen - gnr. 40, bnr. 224 og gnr. 92, bnr. 15	03.11.2008	Ny drivingrange
2008007	Kvalvåg - hytteområde, gnr. 82, bnr. 36	12.11.2008	Hytter - mindre endring
2009001	Øvre Sletto - hyttefelt, gnr. 56	16.02.2009	Hyttefelt
2009002	Haugaland golfbane - gnr. 41, bnr. 52 og 60	15.12.2009	Utviding, erstattar 2007001
2009003	Hansabakken - bustadfelt, gnr. 40, bnr. 8	12.10.2009	Endring, erstattar 2008003
2010001	Eidsvåg - Hyttefelt og småbåthamn, gnr. 3, bnr. 5	04.10.2010	Erstattar 2000005
2010002	Viksevika - naust/rorbu gnr. 69	04.10.2010	Endring, erstattar 2000003
2010003	Kommunedelplan for Sveio sentrum	04.10.2010	Erstattar reguleringsplan
2010004	Kvalvågnes - Hytteområde, gnr. 82, bnr. 8	01.11.2010	Erstatta av 2012007
2010005	Liereid hyttefelt - gnr. 29, bnr. 17 m. fl.	13.12.2010	Endring/utviding, erstattar 2002005
2010006	Våga bustadfelt - gnr. 83 bnr. 2 m. fl.	07.12.2010	Endring/utviding, erstattar 2007003

2011001	Kvalvågnes - hytteområde gnr. 82 bnr. 31 m. fl.	21.02.2011	Endring, erstattar 2001010.
2011002	Høgdebasseng - Rossafjellet gnr. 41 bnr. 29 m. fl.	21.02.2011	Høgdebasseng
2011003	Valensenteret gnr. 8 bnr. 3 m. fl.	21.02.2011	Konsert- og aktivitetssenter
2011004	Fagerland/Vestvik - Naustomr. gnr. 30 bnr. 3 m.fl.	21.02.2011	Naustomr. utviding av Fagerland
2011005	Hytteområde - Oldervik gnr. 82 bnr. 1 m. fl.	21.02.2011	Erstatta av 2012008
2011006	Steinbrot Einstadbøvoll - gnr. 7, bnr. 1 og 4	28.03.2011	Utviding av eks. steinbrot
2011007	Kommuneplan for Sveio 2011 - 2023	03.10.2011	Ny kommuneplan for heile Sveio
2011008	Valevåg gnr. 9 bnr. 18 m .fl.	03.10.2011	Næring, bustad og hamn
2011009	Gjermundshaugen gnr. 40 bnr. 12	03.10.2011	Erstatta av 2014003
2011010	Fotgjengarundergong i Førde	05.12.2011	Undergong under E 39
2012001	Reguleringsplan for gnr. 52 bnr. 3 Sanden	14.05.2012	Bustadfelt
2012002	Reg.plan for steinbrot på gnr. 74 bnr. 5 Birkeland	14.05.2012	Steinbrot
2012003	Reguleringsplan for gnr. 52 bnr. 3 Vestre Vågen	14.05.2012	Bustad, naust og småbåthamn
2012004	Reguleringsplan for gnr. 105 bnr. 5 Ervesundet	14.05.2012	Blanda føremål og naust
2012005	Detaljreg- end. del av Øvre Sletto gnr. 56 bnr. 17	14.05.2012	Hytteføremål
2012006	Reg.endring for Grunnavåg gnr. 3 bnr. 156 m.fl	08.06.2012	Liten endring, erstattar 2005004
2012007	Reg.endring for Kvalvågnes gnr. 82 bnr. 8	06.08.2012	Liten endring, erstattar 2010004
2012008	Liten reguleringsendring for Oldervik gnr. 83	20.11.2012	Liten endring kartet erstattar 2011005
2013001	Liten reg. end. Ekrene bustadfelt gnr. 72 bnr. 159	25.02.2013	Liten endring (heile planen), erstattar 2007002
2013002	Priv. detaljreg. Kjekse gnr. 7 bnr. 4 m. fl.	04.03.2013	Utvid. hytteføremål erstattar 2006009
2013003	Priv. detaljreg. Steinbrot i Valevåg gnr. 7 bnr. 4	04.03.2013	Utviding av steinbrot
2013004	Priv. detaljreg. Vardaneset gnr. 36 bnr. 3, 250	04.03.2013	Blanda føremål, bustad/kontor
2013005	Priv. detaljreg. Straumvika gnr. 107 bnr. 2	04.03.2013	Hytteføremål



2013006	Priv. detaljreg. Jansafeltet gnr. 40 bnr. 2 og 4	18.11.2013	Bustadføremål
2013007	Priv. detaljreg. Hansabakken II gnr. 40 bnr. 8	18.11.2013	Bustadføremål
2013008	Detaljreg - Fv 6 Buamyr- Grimstveit	16.12.2013	Vegføremål
2014001	Privat detaljreg. Våga II gnr. 83 bnr. 2	03.03.2014	Bustadføremål
2014002	Privat detaljreg. Valevåg gnr. 8 bnr. 1 og 4	03.03.2014	Bustadføremål med småbåthamn
2014003	Priv detaljreg. Gjermundshaugen gnr. 40 bnr. 620	13.08.2014	Mindre endring (heile planen), erstattar2011009
2016001	Privat detaljreg. Sletto Vest gnr. 56 bnr. 142 og del av 17	14.03.2016	Hytteføremål
2016001	Privat detaljreg. Tronnes gnr. 69 bnr. 95	14.03.2016	Bustadføremål